



ALLMENN- KRINGKASTINGS- RAPPORTEN

●
KRINGKASTINGSÅRET 2015



FORORD





Medietilsynets tolvte rapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingsforpliktingane sine, er utarbeidd i ei tid da temaet allmennkringkasting – også kva det skal vere og kven som skal ha slike oppdrag – blir mykje diskutert og kommentert.

NRKs oppdrag blir gjennomgått og behandla politisk. Det er lyst ut ny mellombels avtale om formidlingspliktig kommersiell allmennkringkasting på fjernsyn utan uttrykte krav til allmennkringkastingsprofil eller krav til anna innhald enn eigenproduserte daglege nyheitssendingar. Konesjonar med allmennkringkastingsforpliktingar for kommersiell radio er snart ved vegg ende. Dette viser at det kan bli store endringar i allmennkringkasting i Noreg i den nærmaste framtida.

I allmennkringkastingsrapporten for 2015 har Medietilsynet følgd opp dei forpliktingane som gjeld NRK, TV 2, P4 og Radio Norge. Dei kommersielle kanalane har berre få spesifikke innhaldskrav, men dei grunnleggande prinsippa for allmennkringkasting ligg fast. Kringkastarane skal ha eit innhaldstilbod av allmenn karakter og interesse, det skal vere breidde i tema og sjanger og det skal vere tilbod for både breie og smale grupper. Tilsynsresultatet viser at alle dei fire allmennkringkastarane i det store og heile oppfyller samfunnsoppdraget.

Med denne rapporten får lesaren eit innblikk i kva krav staten stiller til kringkastarane og korleis den enkelte allmennkringkastaren fyller samfunnsoppdraget sitt. Samstundes ønsker vi å bidra til refleksjon rundt kva som skal vere oppgåver for allmennkringkastarane og kva rolle allmennkringkasting i Noreg skal ha i tida framover.

Fredrikstad 1. juni 2016

Gudbrand Guthus
Direktør konsesjon og tilsyn



RETTSLEG GRUNNLAG
OG TENDENSAR I
ALLMENNKRINGKASTINGA



Medietilsynet skal etter kringkastingslova årleg utarbeide ein rapport om korleis kringkastarane oppfyller allmennkringkastingspliktene sine. NRK, TV 2, P4 og Radio Norge har kvart sitt konkret definerte allmennkringkastingsoppdrag. Dette oppdraget legg føringar for innhaldet kringkastarane skal tilby publikum.

Det er Medietilsynets vurdering at alle dei fire allmennkringkastarane i 2015 i hovudsak varetok samfunnsoppdraga sine. Tilsynsresultatet viser at NRK hadde høg kvalitet og mangfald i innhaldstilbodet sitt. Dei tre kommersielle allmennkringkastarane hadde alle ein programprofil av allmenn karakter og interesse og hadde tematisk og sjangermessig breidde. Alle kringkastarane viste satsing på nyheits- og aktualitetstilbod. P4 og Radio Norge hadde begge ein auke i tal på nyheitssendingar for 2015. NRK og TV 2 viste ei brei nyheits- og aktualitetsdekning gjennom blant anna å vise store internasjonale hendingar og kommune- og fylkestingsvalet.

Allmennkringkastinga skal ha som formål å fylle ei demokratisk, kulturell og sosial rolle i samfunnet. Som kulturpolitisk omgrep er allmennkringkasting dynamisk og blir endra i takt med den generelle medieutviklinga. Ei sterk allmennkringkasting som skal leggje til rette for ein open og opplyst samtale og sikre eit mangfaldig innhaldstilbod av god kvalitet, står likevel fast som grunnleggjande prinsipp.

I 2015 blei Stortingsmeldinga *Open og opplyst – Allmennkringkasting og mediemangfald* lagt fram. Denne inneheld ein brei gjennomgang av NRKs oppdrag. I meldinga blir det blant anna foreslått at NRK-plakaten blir oppheva og erstatta av ein ny og meir overordna NRK-plakat som vil bli fastsett av Stortinget. Det blir vidare foreslått at NRK-plakaten skal bli tatt inn i NRKs vedtekter og bli lagt til grunn for meir detaljerte plikter som skal fastsetjast av NRKs generalforsamling.

Det blei også oppretta to utval i 2015. Mediemangfaldsutvalet skal vurdere kva statens mål for mediemangfaldet bør vere og skal skildre sentrale utviklingstrekk på mediefeltet og korleis desse påverkar mediemangfaldet. Utvalet skal blant anna også vurdere allmennkringkastarane og tydinga deira for Noregs språk og kultur. Vidare skal utvalet vurdere behov, omfang og offentleg finansiering av allmennkringkasting og nyheits- og aktualitetsmedium. Det andre utvalet er ein ekspertkomité som skal utgreie konsekvensar av ulike finansieringsmodellar for NRK. Komitéen skal levere rapporten sin sommaren 2016, og Mediemangfaldsutvalet skal leggje fram utgreiinga si våren 2017.

Betydninga av å halde ved lag eit kommersielt allmennkringkastingstilbod blei også drøfta i stortingsmeldinga. TV 2s avtale med staten gjekk opphavleg

ut i 2015, men blei forlenget med eitt år ut 2016. Ein ny mellombels avtale for formidlingspliktig kommersiell allmennkringkasting i tv med lengd frå 1. januar 2017 til 31. desember 2019, blei lyst ut 4. mai 2016. Det vil framleis bli stilt krav til eigenproduserte nyheiter og lokalisering i Bergen, mens dei andre innhaldskrava i den noverande avtalen vil bli fjerna. Ettersom denne mellombelse avtalen ikkje stiller spesifikke krav til innhald ut over eigenproduserte nyheiter, og heller ikkje overordna krav i tråd med tradisjonelle allmennkringkastingsprinsipp, kan dette innebere endringar for kommersiell allmennkringkasting på tv.

På radio har Radio Norge og P4 konsesjonar med allmennkringkastingsplikter i FM-nettet. Dei noverande konsesjonane går ut ved utgangen av 2016. I løpet av 2017 blir digitalradioovergangen ferdigstilt, og etter dette tidspunktet vil ikkje Radio Norge og P4 bli kringkasta via FM-nettet. I innhaldskonsesjonane som er tildelte for kringkasting via DAB-nettet, er det ikkje stilt krav til innhaldstilbod av allmennkringkastingskarakter.

Prinsippa for allmennkringkasting er i dag tatt inn i oppdraga til dei fire allmennkringkastarane i form av overordna krav. I tillegg inneheld oppdraga spesifikke krav, og dei overordna krava blir i hovudsak vurdert med bakgrunn i korleis kringkastarane samla sett varetar dei spesifikke krava. Med få spesifikke krav blir det større spelrom for den einskilde allmennkringkastaren når det gjeld kva målgrupper det blir programsette for, og kva tema og sjangrar som blir inkludert i innhaldstilbodet.

NRK har som offentleg allmennkringkastar eit særskilt samfunnsoppdrag, og allmennkringkastingspliktene er knytte til alle plattformer. Allmennkringkastingsoppdraget til NRK er fastsett i vedtektene som byggjer på NRK-plakaten. NRKs allmennkringkastaroppdrag blei sist endra i 2009 då oppdraget blei utvida til også å omfatte internett.

TV 2 har i avtale med staten, status som formidlingspliktig allmennkringkastar og skal ha hovudkontor og sentral nyheitsredaksjon i Bergen. Programprofilen til hovudkanalen skal vere av allmenn karakter og interesse, og innhaldstilbodet skal ha breidde i tema og sjanger. I tillegg stiller avtalen somme spesifikke innhaldskrav.

Både Radio Norge og P4 har konsesjon til å drive riksdekkjande, reklamefinansiert radio i FM-bandet. Begge har også forplikta seg til å vere med på utbygginga av det digitale sendenettet for radio i Noreg. Planen for sløkking av FM-sendingar i 2017 er lagt opp med ei regionsvis sløkking gjennom året, og fram til sløkking sender Radio Norge og P4 både på FM og digitalt. Dei kommersielle allmennkringkastarane på radio har langt færre spesifikke innhaldskrav no enn dei har hatt den siste tiårsperioden. Begge kanalane skal likevel ha ein programprofil av allmenn karakter og interesse, med breidde i tema og sjanger. Radio Norge og P4 skal også ha program for både breie og smale grupper.

Tilsynet med allmennkringkastingspliktingane er basert på ein gjennomgang av allmennkringkastarrekneskapen til kringkastarane og Medietilsynets vidare oppfølging og dialog med kringkastarane. I rekneskapane utgreier kringkastarane for programtilbodet det siste året og korleis dei har varetatt pliktene sine. Dersom TV 2, P4 og Radio Norge ikkje har oppfylt eitt eller

fleire av krava som følger av avtale eller konsesjon, vurderer Medietilsynet om det skal bli reist tilsynssak. I vurderinga legg Medietilsynet vekt på brotets art, utviklingstrekk og allmennkringkastaren si utgreiing for om det er sett i verk tiltak for å oppfylle dei aktuelle pliktene. Det er også av betydning i kva grad kringkastarane har innretta seg etter tidlegare merknader frå Medietilsynet. I tilfelle der ein allmennkringkastar ikkje innfrir eit eller fleire krav, pålegg Medietilsynet derfor ikkje nødvendigvis sanksjonar.

Ved brot på krava kan dei kommersielle allmennkringkastarane bli pålagde sanksjonar i form av åtvaring, gebyr eller tvangsmulkt. Generalforsamlinga til NRK følger opp eventuelle brot på NRKs vedtekter.





VURDERING AV NRKS PROGRAMVERKSEMND FOR 2015

15 a. NRK skal tilby tjenester som kan være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap gjennom programmer av høy kvalitet.

15 f. NRK skal bidra til økt kunnskap om internasjonale forhold.

15 g. NRK skal formidle innhold fra Norden og bidra til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk.

15 h. NRK skal bidra til utdanning og læring, herunder tilby innhold tilrettelagt for skoleverket.

17 e. NRK skal stimulere til kunnskap, forståelse og bruk av andre medieplattformer blant brukere i alle aldre.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Tjenester og spill som stimulerer til interaktiv deltakelse

Kunnskap, innsikt og læring

NRK skal gjennom program av høy kvalitet, tilby tenester som kan være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap. Dette kravet er knytt til idéen om folkeopplysning som eit allmennkringkastingsideal. Programkategoriar som tradisjonelt bidrar til kunnskap og innsikt, er informasjonsprogram, nyheiter, aktualitetar, dokumentarar, samfunnsprogram, kulturprogram, naturprogram og vitkapsprogram.

Programstatistikken for 2015 viser at NRK hadde eit breitt tilbod innanfor desse kategoriane. Nokre eksempel på faste programpostar er *Schrödingers katt*, *Newton*, *Ikke gjør dette hjemme*, *Ytring*, *Dagsnytt 18* og *Brennpunkt*. NRK sende også tv-serien *Lofotensprell*, der tre brøyr reiste på turar i Lofoten. Filmen *Naturmenneske – reinsdyr og rovdyr* tok opp norsk rovdyrpolitikk og utfordringane for reindriftsnæringa, mens naturserien *Norges villmarker* hadde skogen, fjellet og kysten som tema.

NRK hadde også temasendingar og temaveker der aktuelle samfunns spørsmål blei tatt opp, for eksempel var det ei eiga temaveke om internasjonal økonomi, og innhald knytte til klimatoppmøtet i Paris var ei eiga temasatsing. Hausten 2015 var det val, og NRK hadde ei brei dekning av dette tilpassa dei ulike aldersgruppene.

Medietilsynets vurdering er at NRK oppfyller kravet om å tilby tenester som kan være kilde til innsikt, refleksjon, opplevelse og kunnskap.

NRK skal vidare bidra til auka kunnskap om internasjonale forhold og til kunnskap om nordiske samfunnsforhold, kultur og språk. Medietilsynet har kome til at NRK oppfyller desse krava. NRK har fleire faste radio- og tv-program med internasjonalt nyheits- og aktualitetsstoff og publiserte også utanriksnyheiter på nrk.no.

Urix er eit aktuelt utanriksmagasin på NRK2, som i 2015 blei sendt kvar måndag til torsdag. På NRK P2 var *Urix på lørdag* eit fast nyheitsprogram kvar

veke. Det blei også sendt ei rekkje dokumentarar, temasatsingar og spialsendingar som tok for seg aktuelle hendingar og samfunnsspørsmål. Eksempel på dette var: *Egypt – drømmen om en revolusjon*, *Moteslavene i Bangladesh* og *Urix Spesial Mitt land*, som var ei utvida sending i samband med valet i Israel 17. mars 2015.



Hege Moe Eriksen og Gry Blekastad Almås i *Urix*. Foto: Anne Liv Ekroll, NRK

NRK sende 526 timar med innhald frå Norden og har eit utstrekt nordisk samarbeid og samproduksjonar gjennom Nordvisjon. NRK var blant anna samprodusent av den svensk/danske serien *Broen 3* som hausten 2015 blei sendt parallelt i dei nordiske landa.

NRK oppfyller kravet om å stimulere til kunnskap, forståing og bruk av andre medieplattformer blant brukarar i alle aldrar. NRK lagar sjølvstendige produksjonar for internett og mobil innanfor områda undersøkende journalistikk, forteljande journalistikk og helse- og forbrukarjournalistikk. Som eksempel på korleis NRK varetok kravet om stimulering til bruk av andre medieplattformer, kan Medietilsynet nemne at det i samband med klimatoppmøtet i Paris blei tatt i bruk tv, radio, internett og sosiale medium. NRK Skole var også aktivt med. Det blei produsert ei stor mengd korte og informative videoar tilpassa internett og sosiale medium, og det blei lagt vekt på faktabasert og løysingsorientert journalistikk tilpassa ulike aldersgrupper.



Gine Cornelia Pedersen, Siri Seljeseth og Alexandra Gjerpen spiller venninnene Nenne, Elise og Alex i serien *Unge Lovende*

I 2015 publiserte NRK fleire seriar på ein ny måte. Med serien *Line Jorda rundt* blei alle plattformene tekne i bruk i publiseringa. I innspelingsfasen blei radio og sosiale medium brukte, og mens serien blei vist på NRK3, fortsette kommunikasjonen med publikum på sosiale medium. Dramaserien *Skam* blei fyrst publisert på internett utan førehandsomtale. Alle seks episodane av serien *Unge lovende* blei lagd ut i sin heilskap på NRK TV på internett, ei veke før fyrste episode blei vist på tv.

NRK har også nettstaden NRK Skole, som bidrar til å oppfylle kravet om å tilby innhald tilrettelagt for skuleverket.

NRK skal ha eit løpande oppdatert tilbod av tenester og spel som stimulerer til interaktiv deltaking på internett. På NRK Supers nettsider er det spel for ulike aldersgrupper. Dramaserien *Skam* er eit eksempel på korleis internett og sosiale medium blir brukte slik at publikum kan følgje med på oppdateringar og kommunikasjon mellom rollefigurane i dramaserien. Sjøarane kan også gi direkte tilbakemeldingar til serieskaparane. Under valet hadde NRK eit radioprogram der politikarar svara på spørsmål frå lyttarane, sosiale medium-redaksjonen svara også på lyttarspørsmål og oppdaterte løpande. Medietilsynet er kjent med at NRK har nettsida nrk.no/ytring, som er ei redaksjonelt styrt side for meningsutveksling om nyheiter, samfunns- og kulturspørsmål.

Etter Medietilsynets vurdering har NRK eit breitt og løpande oppdatert tilbod av tenester og spel som stimulerer til interaktiv deltaking.

Barn og unge

15 i. NRK skal fremme barns rett til ytringsfridom og informasjon, og skjerme barn mot skadelige former for innhold. NRK skal ha daglige norskspråklige programmer for barn under 12 år, jevnlig norskspråklige programmer for unge, og jevnlig programmer for barn og unge på samisk.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Egenutviklet innhold for barn og unge

NRK skal fremje barn sin rett til ytringsfridom og informasjon og ha daglege norskspråklege program for barn under tolv år, og jamlege norskspråklege program for unge. NRK Super er barna sin tv-kanal med daglege sendingar. Barn kjem til orde kvar dag i program som *Supernytt* og *Skolefri*. I 2015 hadde *Supernytt* daglege nyheitssendingar. Nyheiter blei også publiserte gjennom sosiale medium. I programmet *Klart eg kan* blei det tatt opp tema som å overnatte borte for fyrste gong og å lære seg å knytte skolissene. *Byen vår* viste 6-åringar som testa ulike yrke. *Newtons* pubertetsserie for 8–12-åringar tok opp tema rundt kropp og pubertet. I programmet *Ettermiddagen* på radiokanalen NRK mp3 blei det sett fokus på tema som er viktige for unge.



Frå *Diktaturet*. Foto: Kim Erlandsen

Programmet *Verdens Rikeste Land* var ein fast del av valsendingane til NRK og bidrog med eit ungt blikk på valkampen. NRK1 viste også *Diktaturet* der åtte ungdommar blei utsett for eit fiktivt diktatur. NRK P3 vigde ein heil dag til flyktningsituasjonen i Noreg då flyktningstraumen auka i Europa hausten 2015.

Når det gjeld kravet om å skjerme barn mot skadelege former for innhald har NRK aldersmerking av sine program på tv og på nrksuper.no. NRK har også innført ei ordning i NRK Super-appen der innhald som er best eigna for dei eldste barna, enkelt kan skjulast på profilane til dei yngre barna.

Medietilsynets vurdering er at NRK oppfyller krava til innhald for barn og unge.

NRK varetar også kravet til jamlege program for barn og unge på samisk. I 2015 viste NRK dokumentarseriar, realityprogram og underhaldningsseriar for barn på samisk. Mánáid-TV viste serien *Stalugilvvut*, eit studiokonsept der barn skal vinne tilbake julegáver Stallu har stole. Tidleg i 2015 lanserte NRK mobil-appen "NRK Jodí". Appen gir barn tilgang til samiske forteljingar både på norsk og samisk frå staden dei oppheld seg på.

Hausten 2015 lanserte NRK serien *Skam* som var retta mot alderssegmentet 16–19 år. Serien blei publisert på internett ved at det blei lagde ut korte scener gjennom veka på p3.no. Det var også aktivitet på sosiale medium, og sjåarane kunne gi direkte tilbakemeldingar. Ein samla episode blei vist på internett og på NRK3 i slutten av veka. NRK sende også underhaldningsserien *Tara og Vegard* som blei laga med tanke på mobilbruk. Nettserien *Jenter* handla om ein jentegjeng i overgangen mellom barndom og ungdom. I haldningskampanjen *BlimE!* kunne skular og barnehagar laste opp filmar frå sin *BlimE!*-dag til eit kart på nrksuper.no, som viste dansande barn over heile Noreg.

NRK oppfyller kravet til å ha eit eigenutvikla innhald for barn og unge på internett som blir løpande oppdatert.

Samisk språk, identitet og kultur

14. b. NRK skal bidra til å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile norske virkeligheter. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

Som ein del av samfunnsoppdraget har NRK krav om å ha eit eige tilbod til den samiske befolkninga. I 1915 hadde NRK Sápmi daglege nyheitssendingar på NRK1, og NRK P2 hadde daglege nyheitssendingar på nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. NRK hadde også nyheiter og anna innhald på internett og mobil på tre samiske språk. NRK Sápmis nyheitsavdeling arbeidde spesielt med tema som helse, utdanning og nordområde-journalistikk. Arbeidet blei gjort i samarbeid med nokre av distriktskontora til NRK, og det blei levert innhald til blant anna den nordiske nyheitssendinga Oddasat. Det samiske barneprogrammet *Mánáid-tv* blei sendt dagleg på NRK Super.



Frå *Riddu Riddu*. Foto: Rune Nordgård Andreassen, NRK

I samband med valet blei det på NRK TV på internett sendt eigne debattar frå dei samiske kommunane. På radio blei det også sendt debatt, analyse og kommentarar. NRK Sápmi, NRK Finnmark og NRK på Marienlyst samarbeidde om ein direktesend valdebatt frå Karasjok.

NRK Sápmi, Kulturavdelingen i Oslo og NRK Troms hadde også eit samarbeid, NRK Riddu, der det blei produsert nettinnhald, radioprogram og tv-innhald på både samisk og norsk.

Medietilsynets vurdering er at NRK oppfyller krava til samisk språk, identitet og kultur.

Nasjonale og språklege minoritetar

14 b. NRK skal bidra til å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile norske virkeligheter. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

14 c. NRK skal formidle kunnskap om ulike grupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. NRK skal skape arenaer for debatt og informasjon om Norge som et flerkulturelt samfunn.

NRK skal tilby program for nasjonale og språklege minoritetar og formidle kunnskap om ulike minoritetsgrupper og om mangfoldet i det norske samfunnet. Grupper som har langvarig tilknytning til eit land, blir definerte som nasjonale minoritetar, og i Noreg er dette kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, rom og romanifolk.

NRK sende i 2015 programmet *Hvem tror du at du er*, der Mona Levin gjekk tilbake til slektsrøtene sine, og sjåarane fekk ein innføring i historia til jødane. *Trikken til Auschwitz* handla om Samuel Steinmann som var den siste attlevande av dei norske jødane som blei sende til Auschwitz. I dokumentaren *Møtet med dødsleirene*, blei det vist bilete frå dei tyske konsentrasjonsleirane. *Tilintetgjørelsen* handla om korleis Adolf Hitler kom til makta i Tyskland og om jødeforfølginga. Historia om kvenane/finnane i Alta blei fortald i dokumentaren *Hvem hoppet før Wirkola*. NRK P2 sende eit radioprogram på kvensk og finsk kvar veke. Kvensk er eit språkval på yr.no.

I samband med overleveringa av ein rapport om Noregs behandling av romanifolk, hadde NRK fleire reportasjar og intervjuar med representantar for romanifolket om situasjonen deira. NRK viste også dokumentaren *En tater på vandring*.

NRK opplyser at dei har gjennomført eigne dialogmøte i 2015 med representantar for nasjonale minoritetar for å kartleggje behova og ønskjene deira. Medietilsynet ser positivt på at NRK vil sjå nærmare på korleis dei best mogeleg kan formidle innhald om og for nasjonale minoritetar.

NRKs utgreiing viser at dei sende einskilde program for nasjonale og språklege minoritetar i 2015. Tal på program for desse gruppene var etter Medietilsynets vurdering likevel lågt. Om eigne program skal fungere som eit verkemiddel for representasjon og synleggjering av minoritetar, må omfanget av program vere på eit visst nivå. Etter Medietilsynets oppfatning er intensjonen med kravet å sikre at nasjonale og språklege minoritetar har eit reelt tilbod. Tilnærminga med eigne program er formålstjenleg, spesielt for vernet av minoritetsspråk. Det tidlegare faste programmet *Migrapolis* blei ikkje sendt i 2015. Dette førte til at programtilbodet for språklege minoritetar blei svekka samanlikna med året før. Medietilsynet er kjent med at NRK igjen har programsett *Migrapolis* i 2016.

NRK har dei seinare åra lagt vekt på at mangfoldet i det norske samfunnet blir best synleggjort ved at minoritetar og ulike innvandrargrupper blir integrerte i det generelle innhaldstilbodet.

NRK vedtok i 2015 ein mangfaldsplan der det uttalte målet er å styrkje rekrutteringa av medarbeidarar med fleirkulturell kompetanse. Det blir også vist til NRKs eige rekrutteringsprosjekt, NRK FleRe, der det blir arbeidt med rekruttering av journalistar med fleirkulturell kompetanse.



NRKs tv-serie *Skam*. Foto: Tom Øverlie, NRK

NRK opplyser at dei legg vekt på å spegle ei multikulturell befolkning når det gjeld medverkande i drama, underholdning, barneinnhald og faktainnhald. Blant anna viser NRK til at radiokanalen NRK mP3 i særleg grad vender seg til eit ungt, fleirkulturelt publikum. Musikkprogramma *Spillerom*, *Folkemusikktimen* og *Jungeltelegraf* har alle merksemd retta mot minoritetskulturar. I dramaserien *Skam* speler den muslimske rollefiguren Sana ei sentral rolle.

I tillegg var tema om det fleirkulturelle samfunnet ein del av NRKs debattprogram, dokumentarar og den generelle nyheits- og aktualitetsdekninga. Slike tema blei også inkluderte i innhald for barn.

NRKs generelle innhaldsstrategi bidrar på ein god måte til å synleggjere og informere om at Noreg er eit samfunn med eit mangfald av identitetar. Medietilsynets vurdering er at NRK varetar krava om å formidle kunnskap om ulike grupper og mangfaldet i det norske samfunnet og om å skape arenaer for debatt og informasjon om Noreg som eit fleirkulturelt samfunn.

Distrikt

14 a. NRK skal reflektere det geografiske mangfoldet i Norge og ha et godt lokalt tilbud og lokal tilstedeværelse.

14 e. NRK plikter å sende innhold som enten er produsert i, eller som tar det innholdsmessige utgangspunkt i, distriktene. NRK skal ha distriktssendinger alle hverdager.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Et eget regionalt nyhets- og innholdstilbud

NRK har krav til lokalt nærvær og til å ha eit lokalt tilbod. Dette inneber blant anna at NRK skal ha distriktssendingar alle kvardagar. I tillegg skal det vere eit løpande oppdatert regionalt nyheits- og innhaldstilbod på internett.

NRK har 13 distriktskontor og har nærvær på 54 stader i Noreg. Alle distrikta blir dekte gjennom daglege, regionale nyheitssendingar på radio, tv og internett. I 2015 hadde i tillegg fleire distriktskontor ekstrasendingar, særleg i samband med uvêr. På internett var 70 prosent av artiklane som NRK publiserte innanfor kategorien distrikt – innanriks. NRK har også vore opne for samarbeid med lokale mediehus, og dette blei følgd opp, særleg i samband med valet.

Distriktskontora produserer også program for eit nasjonalt publikum og har ansvar for fleire sjangerområde som inkluderer ei rekkje program og seriar. Eit eksempel er NRK Trøndelag som er ressurscenteret i divisjonen for radio og har ansvar for ei rekkje program på NRK P1. NRK Trøndelag har også sjangeransvaret for vitskap, noko som inkluderer program som *Schrødingers katt* og *Newton*. Eit anna eksempel er Tromsø som er eit kompetansesenter for produksjon av barne-tv. Her blir også underhaldningsseriar og dokumentarar produserte med utgangspunkt i nordnorsk kvardag, historie og natur. Ein av dei største og mest omfattande satsingane ved distriktskontoret i 2015 var *Oppdrag Nansen*. Distriktskontora var også viktige bidragsytarar til *Sommerbåten*.

NRKs utgreiing viser at kanalen reflekterer det geografiske mangfaldet og at dei oppfyller krava til lokalt nærvær og innhaldsproduksjon.

Nyheiter, aktualitetar og undersøkende journalistikk

15 e. NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen. Blant annet skal NRKs samlede tilbud appellere til alle aldersgrupper.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde

NRK har eit omfattande tilbod av nyheiter og aktualitetar på tv, radio og internett.

På tv har NRK korte nyheitssendingar gjennom dagen. *Dagsrevyen* blir send dagleg på NRK1 og er hovudsendinga til NRK Nyheter. I tillegg blir *Kveldsnytt* sendt på same kanal. På NRK Super er *Supernytt* den daglege nyheitssendinga

et løpende oppdatert tilbud av:

- Nasjonale og internasjonale nyheter
- Fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål

12 c. NRK har som oppgave å avdekke kritikkverdige forhold og bidra til å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre.

12 b. NRK skal bidra til å fremme den offentlige samtalen og medvirke til at hele befolkningen får tilstrekkelig informasjon til å kunne være aktivt med i demokratiske prosesser. NRK skal ha en bred og balansert dekning av politiske valg. Samtlige partier og lister over en viss størrelse omtales normalt i den redaksjonelle valgdekningen.

for barn. Nyheter blir også publiserte gjennom sosiale medium. Andre faste nyheits- og aktualitetsprogram i 2015 var blant anna *Debatten*, *Aktuelt* og *Urix*. I tillegg har distriktskontora egne nyheitssendingar både på tv og radio.

På radio har NRK faste nyheitssendingar kvar time. I NRK P2 og NRK Alltid Nyheter er i tillegg *Nyhetsmorgen* ein oppdaterande og utdjupande nyheitsflate. Her inngår *Politisk Kvarter* og *Kulturnytt*. Eksempel på andre faste programpostar i NRKs nyheitstilbod er *Oddasat* som har daglege nyheiter på samisk, *P3nyheter* som er tilpassa yngre lyttarar, *Nyhetslunsj*, *Her & Nå* og *Ytring* som er eit nyheitsmagasin med ytringar og meningsbrytning.



NRK har eit nyheits- og aktualitetstilbod på internett som dekkjer både nasjonale og internasjonale nyheiter. Tilbodet på internett omfattar også fakta- og bakgrunnsinformasjon for nyheiter, debatt og aktuelle samfunnsspørsmål. Som eksempel kan det nemnast at NRK i 2015 på fleire plattformer, sende eigenproduserte og innkjøpte dokumentarar og temasatsingar som retta søkjelyset på ei rekkje viktige samfunnsforhold. Eit anna eksempel var hendingane i samband med terroraksjonane i Paris og mot ein synagoge i København, som blei dekte på alle plattformer. Det same blei gjort i samband med temadagen *Flukten til Europa*. Her blei éin dag vigd flyktningstraumen til Europa i det føremål å gi publikum bakgrunn og fordjuping. 8. mai 2015 blei det markert at det var 70 år sidan Noreg igjen blei eit fritt land. Nyheitsredaksjonen sende saman med distriktsredaksjonane, direkte frå markeringar over heile landet, og på NRK1 kunne publikum følgje markeringane i ei over ni timar lang sending. Markeringane blei også vigde merksemd i dei andre NRK-kanalane, inkludert nrk.no.

Kravet til at NRK skal avdekkje kritikkverdige forhold, blir oppfylte gjennom ulike programkonsept. I 2015 sette NRK *Nyheter* søkjelyset på politiet sitt arbeid, og politiet si handtering av Monika-saka i Hordaland blei vigd mykje plass. NRK avdekte fleire kritikkverdige forhold i saka, og hadde det fyrste intervjuet med varslaren Robin Schaefer. I 2015 var også *Brennpunkt* eit fast program med undersøkjande journalistikk.

NRK skal ha ei brei og balansert dekning av politiske val. I 2015 var det kommune- og fylkestingsval, og NRK hadde ei valdekning som involverte dei fleste av avdelingane. NRK hadde valturné med distriktskontora der det blei sendt direktesendingar. Det blei også sendt partileiardebatt. Valnatta blei dekt på tv og internett med nærmare 60 liveteam spreidde rundt heile landet. I tillegg hadde NRK P1 ei eiga valnattsending. Det nye konseptet *Valgstafett* var eit 24 timars direktesendt debattprogram i "minutt-for-minutt-stil", der alle distriktskontor, nrk.no, arkiv, valredaksjonen, nyheitsmiljøa, sporten, underhaldningsavdelinga og fleire i NRK deltok.

NRK Sápmis dekning var konsentrert rundt utvalde tema som kommunereformer og innvandringspolitikk, og det var egne debattar på NRK TV på internett frå dei samiske kommunane. På radio var det debatt, analyse og kommentarar.

I dekninga av valet ønskte NRK å nå dei unge. Realityserien *Diktaturet* var ei blanding av underhaldning, informasjon og læring. P3 Dokumentar laga fleire dokumentarar om ulike valtema. NRK P3-programmet *Verdens rikeste land* utfordra politikarar i kommunesammenslåings-Tetris, og på radio hadde NRK P3 sin eigen versjon av partileiarutspørjing, basert på spørsmål frå lyttarane. Leo Ajkic laga reportasjar om lokale saker til valsendingane som blei sende fredagar på NRK1.

NRK opplyser at det i 2015 blei tatt initiativ til eit nytt og omfattande samarbeid med konkurrentane. Meir enn 120 lokale debattar, skulearrangement og folkemøte blei arrangerte i samarbeid med andre mediebedrifter. Ifølgje NRK tilseier erfaringane at det er grunnlag for vidare samarbeid med kommersielle mediehus.

På internett hadde NRK 428 valgomatar, ein for kvar kommune.

Medietilsynets vurdering er at NRK oppfyller krava om å ha ei brei og balansert redaksjonell dekning av valet i 2015.

Kravet til at NRK skal bidra til å fremje den offentlege samtalen og medverke til at heile befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne vere aktivt med i demokratiske prosessar, er eit sentralt prinsipp i allmennkringkastinga. Ved at NRK hadde ei brei dekning av nyheiter og aktualitetar, og ved bruk av undersøkjande journalistikk, varetar NRK dette prinsippet.

Norsk språk, identitet og kultur

§ 14 NRK skal styrke norsk språk, identitet og kultur

14 b. NRK skal bidra til å styrke norsk og samisk språk, identitet og kultur. En stor andel av tilbudet skal ha norsk forankring og speile norske virkeligheter. NRK skal ha programmer for nasjonale og språklige minoriteter. NRK skal ha daglige sendinger for den samiske befolkning.

14 d. NRKs tilbud skal i hovedsak bestå av norskspråklig innhold. Begge de offisielle målformene skal benyttes. Minst 25 pst. av innholdet skal være på nynorsk.

14 f. NRK skal formidle norsk kultur og en bred variasjon av norske kunstuttrykk fra mange ulike kunstnere, uavhengige miljøer og offentlige kulturinstitusjoner.

15 e. NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen. Blant annet skal NRKs samlede tilbud appellere til alle aldersgrupper.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Kunst og kultur

14 j. NRK skal ha sportssendinger som dekker både bredden i norsk idrettsliv, herunder funksjonshemmedes idrettsutøvelse, og store idrettsbegivenheter.

17 a. NRKs tjenester på Internett skal samlet i levende bilder, lyd og tekst i det minste inneholde et løpende oppdatert tilbud av:

- Sport og underholdning

14 i. NRK skal gjenspeile Norges religiøse arv og mangfold av livssyn og religion i det norske samfunnet.

Det overordna kravet til å styrkje norsk språk, identitet og kultur varetar NRK blant anna gjennom omfattande eigenproduksjonar. NRK formidlar også eit breitt spekter av kulturuttrykk og har ei brei lokalforankring i distriktsdekninga. Distriktsdivisjonen produserer også riksdekkjande program.

NRKs tilbod skal i hovudsak bestå av norskspråkleg innhald. NRK oppfyller dette kravet ved å ha ein omfattande norskspråkleg innhaldsproduksjon som blir formidla på radio, tv og internett. NRK opplyser at ei viktig satsing i 2015 har vore å ta vare på og utvikle norsk språk. Dette skjer gjennom å oppfordre til dialektbruk i NRK, gi medarbeidarane raske svar på språkspørsmål og arbeidet med den fleirkulturelle ordlista. Det blei også vedtatt retningslinjer for dialektrøkt. NRK reviderte og utvida også *Svartelisten* frå 1999 som var ein gjennomgang av ulike omgrep knytte til det fleirkulturelle Noreg. Lista heiter no *NRK si fleirkulturelle ordliste*. NRK har også fått på plass nettstaden sprak.nrk.no.

NRK skal nytte begge målformer, og minst 25 prosent av innhaldet skal vere på nynorsk. Det har i fleire år vore ei utfordring for NRK å oppnå minst 25 prosent nynorskdell, men tala for 2015 viser ein auke frå 2014 i alle kanalar. I tv-kanalane er delen nynorsk 24 prosent i NRK1, 30 prosent i NRK2, 22 prosent i NRK3, 26 prosent i NRK Super, 29 prosent i NRK P1, 17 prosent i NRK P2, 26 prosent i NRK P3 og 18 prosent på nrk.no. NRK viser også til at det framleis skjer eit langsiktig arbeid med rekruttering av journalistar og medarbeidarar som bruker nynorsk gjennom *Nynorsk mediesenter*.

NRK hadde eit gjennomsnitt på 25,5 prosent nynorsk på tv, 24 prosent på radio og 18 prosent på nrk.no. NRK oppfylte ikkje kravet til 25 prosent nynorskdell på alle plattformar, men Medietilsynet har merka seg at det er ein positiv utvikling.

NRK skal formidle norsk kultur og ein brei variasjon av norske kunstuttrykk. Tilbodet skal vareta både breie og smale publikumsgrupper, det skal spegle mangfaldet i befolkninga og appellere til alle aldersgrupper.

NRK har i 2015 laga fleire seriar om ulike kulturområde. NRK viser til at tv-seriar gir høve for fordjuping, og at innhaldet får større verdi for publikum fordi mange vel å sjå seriane på NRK TV på internett. Aktuelle seriar var blant anna *Arkitektenes hjem*, *Brenner og bøkene* og *IKON* der kjende biletkunstnarar ser tilbake. På radio var *Spillerom* som er eit aktuelt og kritisk musikkprogram, *Spillerom Søndag* som har ei solid dekning av samtidsmusikk, *Ekko*, *Kulturhuset* og *Salongen* satsingar på NRK P2. NRK viser til at det i NRK P2 tidlegare blei sende fleire spesialprogram om ulike musikksgangrar. No blir musikk og journalistikk i større grad blir sendt i kanalar som NRK Klassisk, NRK Jazz, NRK Folkemusikk, NRK P1+, NRK mp3 og NRK P13.



Adam og Tore er to av deltakarane i *Sofa*. Foto: Strix

Underholdnings- og humortilbodet til NRK er ein del av kulturdekninga med program som *Stjernekamp*, *Mesternes mester* og den NRK-produserte humorserien *Side om side*. Talkshowprogramma *Skavlan* og *Lindmo* formidlar også kulturinnhald til eit breitt publikum. Ein ny serie i 2015 var *Sofa* der sjåarane følgjer fleire ulike familiar, kjærastepar og vennegjengar i deira daglege tv-sjåing heime i sofaen. På internett hadde NRK *Satiriks* på nrk.no og etablerte i samarbeid med Nordic Screens, Youtube-kanalen *Humorlab*.

Medietilsynets vurdering er at NRK har eit variert og breitt kulturtilbod som rettar seg mot ulike publikumsgrupper. NRKs framstilling viser at kultursjangrar som ofte har eit smalare publikumspotensial, også er ein del av tilbodet. Underholdnings- og humorprogram på ulike plattformer gir variasjon og ei stor breidde i NRKs kulturformidling. NRK oppfyller også kravet om å ha eit løpande oppdatert tilbod innan kunst, kultur og underholdning på internett.

Når det gjeld sport skal NRKs sendingar dekkje både breidda i norsk idrett, medrekna idrettsutøvinga til dei funksjonshemma, og store idrettsopplevingar. I 2015 inkluderte sportsdekninga til NRK blant anna store sportsopplevingar som Ski-VM i Falun, VM i skiskyting i Kontiolahti og VM i Alpint. NRK viste alle 51 kampene frå fotball-VM i Canada for damer. Det var også brei dekning frå VM i friidrett og VM i sjakk.

Breidda i norsk idrettsliv blei dekt gjennom overføringar frå blant anna kunstløp, hundekøyring, sprangriding, klatring og orientering. NRK hadde også ein satsing rundt Special Olympics, som er det største arrangementet i verda for utviklingshemma. På NRK TV på internett blei det sendt frå VM i friidrett for funksjonshemma.

NRK formidlar sport på alle plattformer og har eit løpande oppdatert sportstilbod på internett. Digitalradiokanalen NRK Sport hadde for fyrste gong Tour de France som ei omfattande satsing. NRK Sport var også til stades

på sosiale medium og publiserte artiklar på internett innanfor programkategorien sport.

Medietilsynet har kome til at krava til sportssendingar er oppfylte.

NRK skal spegle Noregs religiøse arv og mangfaldet av livssyn og religion i det norske samfunnet. I 2015 sende NRK 61 timar med livssynsprogram på NRK1 og NRK2. I andre sesong av serien *På tro og Are* som blei sendt på både kanalane, såg programleiar Are Sende Osen på religiøse fenomen og besøkte mindre, sekteriske og lågkyrkjelege miljø. Andre program som blei sende på tv var blant anna *Når livet vender*, *Gud og vitenskap* og *Gudstjeneste 22. juli 2015 – Fredstanker*.

På radio overførte NRK P1 46 timar radiogudstenester i tillegg til program som *Morgenandakten*, *God helg* og *Salmer til alle tider*. Det blei også sendt 99 timar *Verdibørsen* på NRK P2.

Medietilsynets vurdering er at NRK i 2015 sende både faste programpostar og seriar som varetek breidde i religiøse perspektiv og livssyn. Kravet til å spegle Noregs religiøse arv og eit mangfald av livssyn og religion er derfor oppfylt.

Norsk musikk, drama og film

14 g. NRK skal formidle og produsere norsk musikk og drama. NRK skal formidle norsk film og stimulere det norske filmmiljøet. Minst 35 pst. av musikken som spilles skal være norsk, med vekt på norskspråklig og/eller norskkomponert musikk. NRK skal holde et fast orkester som dekker et bredt repertoar fra underholdningsmusikk til symfonisk musikk.

NRK har ein variert produksjon og formidling av norsk drama i radio, tv og på internett. Ein av dei store dramaseriane i 2015 var *Kampen om tungtvannet* som blei følgt av 1,2 millionar nordmenn på tv kvar veke. Mange så også serien i opptak eller på internett. Andre nye seriar i 2015 var blant anna *Unge lovende* og *Skam*. Sistnemnde blei produsert i samarbeid mellom NRK Super og NRK P3. *Mysteriet på sommerbåten* var ein sjølvstendig dramaserie i 41 episodar som blei send i *Sommeråpent*. Den andre sesongen av den smalare serien *Kampen for tilværelsen* blei send i 2015. NRK viste også blant anna norske kortfilmar som *En fremmed*, *Fallet* og *Inn i vårt mørke hus*. På radio blei det sendt 76 timar drama på NRK P1, 208 timar på NRK P2 og 17 timar drama (dokumentar) på NRK P3.



Kampen om tungtvannet. Foto: Jiri Hanzl, Filmkameratene

NRKs allmennkringkastarrekneskap viser at kanalen har økt bestillingane av drama, film og annan innhaldsproduksjon frå eksterne produksjonsselskap dei siste åra samanlikna med tidlegare år. *Kampen om tungtvannet*, *Unge lovende* og *Trio* er eksempel på eksterne produksjonar laga for NRK. Etter Medietilsynets vurdering oppfyller NRK krava til norsk drama og film og til stimulering av det norske filmmiljøet.

NRK oppfyller kravet om at minst 35 prosent av musikken som blir spelt på radio skal vere norsk, og krava om å vektleggje norskspråkleg og/eller norskkomponert musikk. NRK P1 hadde i 2015 ein del norsk musikk på 45 prosent i 2015, NRK P2 hadde 36 prosent og NRK P3 hadde 39 prosent. Dette var ein auke i alle kanalar frå 2014, og totalt sett var gjennomsnittleg del norsk musikk derfor 40 prosent.

Av den norske musikken som blei spelt var delen norsk på norsk 66 prosent i NRK P1, 19 prosent i NRK P2 og 29 prosent i NRK P3. Av denne musikken var 93 prosent i NRK P1, 56 prosent i NRK P2 og 94 prosent i NRK P3 norskkomponert.



Kringkastingsorkesteret (KORK). Foto: Anna Julia Granberg, Blunderbuss

NRK har nå elleve kanalar som spelar eit stort mangfald av musikk. Fleire kanalar har gitt plass for og vekte til liv musikkprogram som *Meloditimen* på NRK P1+ og ønskekonsertar på NRK Klassisk med artistar som Sølvguttene og Sigvart Dagsland. På tv sende NRK musikkprogram som *Stjernekamp*, *Eurovision Song Contest* og *MGPjr* og konsertar med blant anna Bjørn Eidsvåg, DDE, a-ha og Ole Ivars. Dette viser etter Medietilsynets syn at NRK har eit breitt tilbod av norsk musikk både på hovudkanalane i radio, i dei andre digitalradiokanalane og på tv.

Det er også ein del av NRKs oppdrag å halde eit fast orkester. Repertoaret til Kringkastingsorkesteret (KORK) spenner frå tolkingar av det klassiske til urframføringar av norsk samtidsmusikk til samspel med ei jazzgruppe eller eit svartmetallband.

Tilgjengelegheit og gratis tilbod

§ 13 NRK skal være allment tilgjengelig

13 a. NRKs tre hovedkanaler for hhv. radio og fjernsyn skal være tilgjengelige for hele befolkningen. NRK skal søke en bredest mulig distribusjon av sitt øvrige programtilbud.

13 b. Det skal som utgangspunkt ikke kreves betaling for NRKs allmennkringkastingstilbud. NRKs tre hovedkanaler for hhv. radio og fjernsyn skal være gratis tilgjengelige for alle lisensbetalere på minst én distribusjonsplattform.

13 d. NRK skal være til stede på, og utvikle nye tjenester på alle viktige medieplattformer for å nå bredest mulig ut med sitt samlede programtilbud.

17 b. NRK skal gjøre flest mulig av sine radio- og fjernsynsprogrammer tilgjengelig på Internett, både ved samtidig distribusjon og som arkivtjeneste for nedlasting og/eller individuell avspilling. NRK skal herunder minimum gjøre tilgjengelig hele sin egenproduserte sendeflate fra de siste sju dager som arkivtjeneste, forutsatt at dette ikke innebærer uforholdsmessig høye kostnader. NRK skal etterstrebe at også mest mulig av den øvrige sendeflaten fra siste sju dager gjøres tilgjengelig som arkivtjeneste.

17 c. NRKs programtilbud på Internett skal som hovedregel være gratis. Bruksavhengige kostnader som knyttes til programtilbudet skal likevel kunne kreves dekket ved brukerbetaling.

17 d. Bestemmelsene i forrige ledd skal ikke være til hinder for at NRK tilbyr programmer som kommersielle utgivelser. Slike utgivelser er ikke å anse som del av allmennkringkastingstilbudet og skal ikke ha et omfang som undergraver hovedprinsippet om at NRKs programtilbud på Internett skal være gratis.

13 e. NRK bør så langt som mulig benytte åpne standarder, så fremt ikke økonomiske eller kvalitative hensyn taler imot dette.

§ 17 NRK skal ha et attraktivt innholdstilbud på Internett, mobil-tv mv.

14 h. NRK skal formidle kulturarven i Norge. Arkivene til NRK er en del av denne. NRK skal arbeide for å digitalisere og tilgjengeliggjøre disse arkivene for befolkningen. Arkivtilbudet skal i hovedsak være gratis tilgjengelig.

Allmennkringkastingsoppdraget til NRK føreset at tilbodet skal vere allment tilgjengeleg for befolkninga. Tilgjengelegheit handlar både om distribusjon og utforming. NRK oppfyller krava til tilgjengelegheit og gratis tilbod.

NRK tar i bruk alle medieplattformer for å nå breitt ut med programtilbodet, og distribusjonen av NRK sine hovudkanalar på radio og tv er landsdekkjande. NRK TV og NRK Radio på internett gir høve for å sjå og høyre NRK sine sendingar ved samtidig distribusjon på internett. NRK har også gjort tilgjengeleg program for individuell avspeling på internett.

I 2015 fortsette NRK arbeidet med å utvikle og gjere mobilappane NRK TV, NRK Super og NRK Radio tilgjengelege. Blant anna blei NRK Super tilgjengeleg som såkalla native app for mobiloperativsystema iOS og Android, NRK TV blei lansert på Android-tv, og NRK TV og NRK Super var med frå start då dei nye Apple TV-boksane blei lanserte. NRK held fram med arbeidet med opne standardar for distribusjon. NRK opplyser at dei har kome noko nærmare dette målet ved å jobbe fram ei løysing for NRKs nett-tv-tilbod bygde på same standardiserte kodebase som kan bli brukt på mottakarboksar hos ulike aktørar. Enkelte tilpassingar må likevel gjerast, og full standardisering er ikkje oppnådd enno. NRK samarbeider no i større grad med dei andre nordiske allmennkringkastarane om å få på plass opne standardar.

NRK har arbeidd vidare med arkivpublisering, og i 2015 blei 15 000 program publiserte frå arkivet. NRK prioriterte program innanfor kategoriane kultur, underhaldning, barne-tv, fakta og dokumentar. Ein avtale med rettsorganisasjonen NORWACO har gjort det mogeleg å publisere arkivmaterialet. NRK opplyser at dei har planar om å gjere arkivinnhald tilgjengeleg i eigne tenester på internett og mobil. Det er også planar om å leggje til rette for at publikum kan hente ut arkivinnhald. Eit nytt og tilgjengeleg arkiv skal vere kjelde for ny produksjon og bidra til å formidle kulturarven i Noreg. Medietilsynet har på dette grunnlaget kome til at kravet til å gjere arkiva tilgjengelege er oppfylt.

NRK tilsette i 2014 ein tilgjengelegheitssjef som har ansvar for at dei med nedsett funksjonsevne får gode brukaropplevingar på alle plattformene til NRK. I 2015 oppretta tilgjengelegheitssjefen eit brukarråd bestående av representantar for organisasjonane til funksjonshemma og utviklingshemma og Pensjonistforbundet.

13 c. Ved utformingen av NRKs tilbud må det tas hensyn til funksjonshemmede, bl.a. skal NRK ta sikte på at alle fjernsynsprogrammer blir tekstet.



Mariann Eidberg tegnspråktolker *MGPjr*. Foto: NRK

NRK tekstar dei fleste førehandsproduserte program, og alle riksdekkjande norske program som blir sende direkte mellom kl. 18.00 og kl. 23.00 blir simultanteksta. I tillegg opplyser NRK at andre viktige program utanfor det nemnde tidsrommet også blei teksta, som for eksempel timesnyheitene på dagtid, sport og *Kveldsnytt*. Det er også ein stor del program som blei gjorde tilgjengelege på internett med teksting. Delen teksting har auka også i 2015, og NRK teksta i gjennomsnitt 54 timar per døgn på tv-kanalane samla sett.

I fjor synstolka NRK tre filmar og ein dokumentar som blei lagt ut på NRK TV på internett. NRK opplyser at dei har konkrete planar om å synstolke dramaproduksjonar i 2016.

NRK lanserte dei tre tv-kanalane NRK1 Lydtekst, NRK2 Lydtekst og NRK3/Super Lydtekst, der ei syntetisk stemme les opp underteksten når det blir snakka framandspråk. Det blei også sendt *Tegnspråknytt* på kvardagar kl. 17.45–17.49. Tv-kanalen NRK Tegnspråk tolka i snitt litt over 20 timar per veke, og *MGPjr* var blant programma som blei omsett av NRKs teiknspråktolkar. NRK Tegnspråk og dei tolka programma, blei også gjort tilgjengeleg på NRK TV på internett. Medietilsynet ser positivt på at NRK fortset arbeidet med universell utforming.

NRK varetar med dette kravet om at det skal blir tatt omsyn til funksjonshemma ved utforminga av NRKs tilbod.

§ 16 NRKs allmennkringkastingstilbud skal være ikke-kommersielt

16 a. NRKs redaksjonelle avgjørelser skal ikke være styrt av kommersielle hensyn.

16 b. NRKs allmennkringkastingstilbud på radio, fjernsyn og tekst-tv skal være reklamefritt og skal ikke inneholde spesielle salgsfremmende henvisninger til konsernets kommersielle tjenester og produkter.

16 c. NRK kan ha reklame på Internett, med unntak for nettsider som har barn som målgruppe. NRK skal tilstrebe et tydeligst mulig skille mellom allmennkringkastingstilbudet og kommersielle tjenester tilbudt på Internett. Nedlastingstjenester som tilbys innenfor allmennkringkastingstilbudet skal ikke inneholde reklameinnslag. Det bør utvises særlig varsomhet med å tilby innhold som utsetter publikum for kommersielt press. Dette gjelder særlig for programmer rettet mot barn og unge.

16 d. Lisensmidler og andre offentlige inntekter skal ikke subsidiere kommersielle aktiviteter. Det skal være et klart regnskapsmessig og driftsmessig skille mellom NRKs kommersielle aktiviteter og allmennkringkastingsvirksomheten.

16 e. NRKs allmennkringkastingstilbud, både i tradisjonell programvirksomhet og i form av nye medietjenester, skal hovedsakelig finansieres ved kringkastingsavgift.

16 f. NRK skal kunne videreutvikle kommersielle tjenester som genererer overskudd som bidrar til å finansiere allmennkringkastingstjenester. Den forretningsmessige virksomheten skal være forenelig med de krav til kvalitet og integritet som gjelder for NRK

§ 12 NRK skal understøtte og styrke demokratiet

12 a. NRKs samlede allmennkringkastingstilbud skal ha som formål å oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet.

12 d. NRK skal være redaksjonelt uavhengig. NRK skal verne om sin integritet og sin troverdighet for å kunne opptre fritt og uavhengig i forhold til personer eller grupper som av politiske, ideologiske, økonomiske eller andre grunner vil øve innflytelse på det redaksjonelle innholdet. Virksomheten skal preges av høy etisk standard og over tid være balansert. Saklighet, analytisk tilnærming og nøytralitet skal etterstrebes, jf. bl.a. prinsippene i Redaktørplakaten, Vær Varsom-plakaten og Tekstreklameplakaten.

§ 15 NRK skal etterstrebe høy kvalitet, mangfold og nyskaping

15 b. NRK skal være nyskapende og bidra til kvalitetsutvikling.

15 c. NRK skal kunne formidle samme type tilbud som også tilbys av kommersielle aktører, men bør etterstrebe å tilføye sitt tilbud et element av økt samfunnsverdi i forhold til det kommersielle tilbudet.

15 d. NRKs tilbud skal ha tematisk og sjangermessig bredde.

15 e. NRK skal tilby nyheter, aktualiteter og kulturstoff for både smale og brede grupper, herunder egne kulturprogrammer. Tilbudet skal gjenspeile det mangfoldet som finnes i befolkningen. Blant annet skal NRKs samlede tilbud appellere til alle aldersgrupper.



Overordna krav til NRKs verksemd



NRKs vedtekter fastset at NRK skal vere redaksjonelt uavhengige. NRK er ein offentleg, lisensfinansiert allmennkringkastar, og det er stilt ei rekkje spesifikke krav for å sikre at NRKs allmennkringkastingstilbud skal vere ikkje-kommersielt. Medietilsynets vurdering er at NRK på ein tilfredsstillande måte varetar krava knytte til redaksjonelt sjølvstende og eit ikkje-kommersielt tilbod. Tilsynet viser elles til etablerte kontrollsystem som revisjonen av NRK som blir gjennomført av ekstern revisor og Riksrevisjonens årlege selskapskontroll.



NRK skal med sitt samla allmennkringkastingstilbud støtte og styrkje demokratiet, og oppfylle demokratiske, sosiale og kulturelle behov i samfunnet. Krava angir formålet med NRKs allmennkringkastingsoppdrag. På bakgrunn av ei samla vurdering av korleis NRK løyser oppdraget sitt, har Medietilsynet kome til at desse overordna krava er varetatt.


Fleire framstillingar i NRKs allmennkringkastarrekeskap viser at NRK har høg kvalitet og mangfald, er nyskapande og gir auka samfunnsverdi i innhaldstilbodet på alle plattformer. Det følgjer også av rekneskapen at NRKs samla tilbod i 2015 hadde ein breidde i tematikk og sjanger. NRKs kanalar på tv og radio utfyller kvarandre med dei brede kanalane NRK1 og NRK P1, dei fordjupande og kunnskapsorienterte kanalane NRK2 og NRK P2, og barne- og ungdomstilbodet i NRK Super/NRK3 og NRK P3. I tillegg har NRK ei rekkje digitale radiokanalar med ulik profil, og eit omfattande tilbod på internett. NRKs samla innhald viser også at NRK har eit tilbod til både breie og smale grupper i befolkninga.

Medietilsynets vurdering er at spennet i NRKs samla tilbod og oppslutninga tilbodet har i befolkninga, viser at NRK tilfører samfunnsverdi og samtidig når ut til eit breitt publikum.











VURDERING AV TV 2S PROGRAMVERKSEMD I 2015

Avtalen § 3-2 første ledd nr. 1

TV 2s hovedkanal skal i hele avtaleperioden minst sende daglige egenproduserte nyhetssendinger med base i den sentrale nyhetsredaksjonen.

Nyheitsdekninga


TV 2s hovudkanal sende i 2015 daglege eigenproduserte nyheiter frå den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og innfrir derfor kravet til nyheitssendingar.

Kanalen hadde seks korte nyheitssendingar på fem minutt kvar morgon på kvardagar og ei lengre sending på 21 minutt frå kl. 06.30. Kveldsnyheitene blei sende frå Bergen kl. 18.30 og 21.00. TV 2 sende til saman 393 timar nyheiter på hovudkanalen, noko som svarar til 5,9 prosent av den totale sendetida. Dette er ein nedgang frå 2014. Ifølgje TV 2 skuldast nedgangen at dei har slutta å sende *Nyhetsmorgen* i helgane.



Pål T. Jørgensen rapporterer frå Syria (Foto: Hawkat Mustafa)

TV 2 hadde ei brei dekning av store hendingar. Då terroren ramma Paris 13. november 2015, sende TV 2 fleire tilsette til Paris for å dekkje hendingane. TV 2s utenriksreportarar var representerte i ei rekke land, blant anna Syria, Irak og Libanon. TV 2 hadde også eksklusive nyheitssaker og var med det norske redningsskipet Siem Pilot i Middelhavet. TV 2 Nyhetene har generelt fokus på helsesaker, og det blei laga fleire saker om kreftmedisin som ikkje blir brukte på pasientar som kunne hatt nytte av han.



Program for barn

Avtalen § 3-2 første ledd nr. 2

TV 2s hovedkanal skal i hele avtaleperioden minst sende ukentlige norskspråklige program for barn.

TV 2 sende program for barn kvar laurdag og søndag morgon frå kl. 06.00 til 06.40. Nokre av titlane som blei sende var *Lotte*, *Marvin Mus* og *Gjett hvor glad jeg er i deg*. I høgtidene hadde TV 2 eit auka tilbod til barn, der det blant anna blei sendt filmar, som for eksempel *Polarekspressen* og *Flåklypa Grand Prix*.

Til saman sende kanalen 82 timar med program for barn i 2015, noko som svarar til 1,2 prosent av sendetida. Hausten 2014 reduserte TV 2 sendeflata for barneprogram, og kanalen peikar på at barne-tv ikkje har same posisjon som tidlegare og at innhald for barn fyrst og fremst blir etterspurt via strøymetenester. TV 2s satsing på barneprogram er derfor i stor grad flytt til web-tv på TV 2 Sumo Junior.

Sjølv om det har vore ein vesentleg reduksjon i TV 2s tilbod til barn på hovudkanalen dei siste åra, har Medietilsynet kome til at kringkastaren likevel oppfyller kravet om å sende norskspråklege program for barn kvar veke.

Program for unge

Avtalen § 3-2 første ledd nr. 3

TV 2s hovedkanal skal i hele avtaleperioden minst sende jevnligje norskspråklige program for unge.

Ungdomsprogrammet *Kollektivet* blei sendt to gonger per veke, torsdag kveld og fredag ettermiddag. Programmet blei sendt både vår- og haustsesongen. Til saman var det 16 fyrstegongsvisningar av dette programmet. TV 2 sende også seks episodar av humordramaprogrammet *Suksesskolen*, som er retta mot ungdom. Programmet blei sendt éin gong per veke. TV 2 sende til saman 22 fyrstegongsvisningar av program direkte retta mot unge, noko som er ein auke på éi visning samanlikna med året før. Program som er retta direkte mot unge, var tilgjengelege på TV 2s hovudkanal i 22 veker.



TV 2s tilbod til unge har i fleire år lege i nedre sjikt når det gjeld oppfyllinga av kravet til å sende jamlege program. Medietilsynet ser positivt på at TV 2 har auka mengda program retta mot unge frå 2014 til 2015, og at dei gjennomførte planane om å sende programmet *Suksesskolen*. Med program retta mot unge i 22 av 52 veker var det likevel 30 veker i 2015 der TV 2 ikkje hadde slike program. Dette inneber at TV 2 i lengre periodar i løpet av året ikkje har noko tilbod direkte retta mot unge. Sidan TV 2 hadde programseriar for unge med fleire vekers lengd både i vår- og haustsesongen, og tilbodet har auka samanlikna med 2014, har Medietilsynet likevel kome til at TV 2 oppfyller kravet til at kanalen minst skal sende jamlege norskspråklege program for barn og unge.

TV 2 peikar dessutan også på at dei har satsa på sendingar frå Norway Cup dei siste åra, og at dette etter deira syn inneber ei satsing på ungdom. TV 2 viser vidare til at underhaldningskonseptet *Mitt Dansecrew* som blei sende i januar 2015 var retta mot yngre sjåarar og at kanalen sine familieprogram, som for eksempel *The Voice* og *Norske Talenter*, treffer eit ungt publikum.

Avtalen § 3-2 andre ledd

TV 2 skal formidle på hovedkanalen norsk film og tv-drama på tilnærmet samme nivå som i perioden 2007–2009. Kostnadene ved produksjon av *Hotel Cæsar* skal holdes utenfor.

Norsk film og tv-drama

TV 2 sende totalt 302 timar norsk drama. Dette er ein auke på 28 timar samanlikna med 2014. Av dette var 125 timar *Hotel Cæsar*. Ser ein bort frå *Hotel Cæsar* var det 25 fyrstegongsvisningar i 2015, noko som er ein auke på fire frå året før.

Våren 2015 sende TV 2 dramaserien *Frikjent*. Ungdomsserien *Suksesskolen*, siste sesong av *Dag*, den nye serien *Hæsjtægg* og storsatsinga *Okkupert* blei også sende. Kanalen sende fleire norske filmar med premiere i 2015, til dømes *Solan* og *Ludvig – Jul i Flåklypa* og *To liv*



Ingar Helge Gimle og Nicolai Cleve Broch i dramaserien *Frikjent* (Foto: Carl C. Raabe)

I 2015 investerte TV 2 nesten dobbelt så mykje i norsk drama som i 2014. Ifølgje TV 2s allmennkringkastarrekningskap har det skjedd ein vesentleg auke i dramainvesteringane frå perioden 2007–2009 til 2015.

TV 2 har ein ambisjon om å bidra til norsk filmproduksjon og har investert store summar i norsk film. Det har også her skjedd ein auke frå 2014. Investeringane i norsk film i 2015 var på tilnærma same nivå som i 2009.

Medietilsynet har kome til at TV 2 oppfyller kravet til formidling av norsk film og drama.

Avtalen § 3-2 tredje ledd

Norskspråklige programmer skal utgjøre minst 50 % av sendetiden.

Norskspråkleg del

TV 2 opplyser at hovudkanalen sende 53,1 prosent norsk tv, inkludert eigenpromotering. Kringkastaren opplyser vidare at norskdelen svarer til 47,5 prosent om eigenpromotering ikkje blir medrekna.

Medietilsynet oppfattar kravet til norskspråklege program slik at det er programma i seg sjølv som skal vere norskspråklege, og ikkje kringkastaren si promotering av desse. Medietilsynet meiner derfor at eigenpromotering ikkje skal reknast med. Ifølgje avtalen skal norskspråklege program svare til minst halvparten av sendetida. Medietilsynet legg til grunn at program i denne samanhengen skal bli forstått som eit tydeleg redaksjonelt produkt som står fram som sjølvstendig med ei oppbygging som er typisk for program, med ei byrjing og ein slutt.

TV 2s del norskspråklege program var i 2015 på 47,5 prosent, og dermed lågare enn kravet på 50 prosent.



Petter Nyquist i TV 2s dokumentarserie *Petter Uteligger* (Foto: TV 2)

Den norskspråklege delen var 5,3 prosentpoeng lågare enn i 2014. TV 2 forklarar denne nedgangen med at *Nyhetsmorgen* tidlegare blei send på TV 2 hovudkanalen i samsending med *Nyhetskanalen* kvar laurdag og søndag, og at dette blei endra i 2015. Vidare blei mengda dubba barne-tv-sendingar reduserte. TV 2 opplyser at det er gjort justeringar, og at den norskspråklege delen for fjerde kvartal 2015 var på 53,9 prosent eksklusive eigenpromotering. Kringkastaren opplyser vidare at dette er ei utvikling som fortset inn i 2016.

Medietilsynet har kome til at TV 2 ikkje oppfylte kravet om 50 prosent norskspråklege program. Medietilsynet har likevel merkt seg at delen har stige i fjerde kvartal til 3,9 prosentpoeng over den delen som følgjer av kravet. Ifølgje TV 2 vil denne trenden fortsetje i 2016. Sidan det er fyrste gong kravet om norskspråklege program er brote og delen har stige i siste kvartal av 2015, vil ikkje Medietilsynet følgje opp brotet nærmare i år. Medietilsynet føreset at TV 2 anstrenger seg for å oppfylle kravet til norskspråklege program i 2016.

Avtalen §3-3

TV 2s hovedkontor og den sentrale nyhetsredaksjonen skal ligge i Bergen i hele avtaleperioden på fem år, jf. § 1-3. Dette vilkåret er ikke gjenstand for mulige reforhandlinger eller oppsigelse, jf. § 4-5. TV 2s hovedkanal skal være underlagt norsk jurisdiksjon.

Krav til lokalisering

TV 2 har Nøstegaten 72, 5020 Bergen som sin registrerte bedriftsadresse i Brønnøysundregistrene. Den same adressa blir nytta av offentlege styresmakter. Hovudkontoret har vore på denne adressa sidan sendingane starta i 1992. TV 2s hovudkontor skal flytte til Media City i Bergen i 2017.

Til saman har verksemda 849 årsverk, fordelt på 441 i Bergen og 408 i Oslo. Sjefsredaktør og administrerande direktør Olav T. Sandnes har delt kontor mellom Oslo og Bergen. Sandnes har åtte direktørar under seg og seks av desse sit i leiargruppa. Halvparten av medlemmene i leiargruppa sit i Bergen. Desse er nyheits- og sportsredaktør, direktør for betal-tv og teknologi- og økonomidirektør. Leiargruppa sine møte og styremøte blir fordelt likt mellom byane. Generalforsamlinga blir halden i Bergen i juni kvart år.

Den sentrale nyheitsdesken er plassert i Bergen, slik kravet føreset. Nyheits- og sportsredaktøren er ansvarleg for kveldssendingane for nyheitene og sportssendingane på TV 2, TV 2 Nyhetskanalen, nyheiter på internett, valsendingar, sportsstemne og *Lørdagsmagasinet*. TV 2s nyheitsendingar på kveldstid blir redigerte og alltid sende frå Bergen. Det same gjeld avviking av sportsnyheiter på alle plattformer. TV 2 opplyser at nyheitsstudioet i Bergen er langt meir avansert enn studioet i Oslo.

Under nyheitssjefen i Bergen sit redaksjonssjef, utanrikssjef og redaksjonssjef for desk. Dei redaksjonelle avgjerdene i nyheitssaker blir teke på møte som blir leidde frå Bergen Redaksjonssjef for lokalkontora sit også i Bergen. Dei fleste redaksjonane i TV 2 *Nyhetene* er både i Oslo og Bergen, og det er nokre fleire årsverk i Oslo enn i Bergen. TV 2 opplyser at dette i all hovudsak skuldast TV 2 Nyhetskanalen, turnusordning og at politikk og valsendingar er lagde til Oslo på grunn av nærleik til Stortinget og sentrale samfunnsinstitusjonar.

Dei fleste avdelingane har tilsette i begge byar, med unnatak av kommunikasjon, økonomi, lønn og TV 2 Sumo-redaksjonen som berre held til i Bergen. TV 2 opplyser at avdelinga Plan- og utspilling også har hovudsetet i Bergen. Avdelinga har ansvaret for sendeskjema og for utspeling av alle kanalane og samarbeider tett med blant anna resten av Programavdelingen, Nyheter og Sport.

Medietilsynet vurderer det slik at TV 2 har hovudtyngda av sin sentrale verksemd i Bergen, sjølv om kanalen også har en sterk forankring i Oslo. TV 2 oppfyller kravet om at hovudkontor og den sentrale nyheitsredaksjonen skal liggje i Bergen.

Krav til målformer

Avtalen § 3-4

TV 2s hovedkanal skal benytte begge de offisielle norske målformene.

Språkpolitikken til TV 2 er at kanalen skal vende seg til heile befolkninga. Både bokmål og nynorsk er godt representert i TV 2s sendingar. Medarbeidarane blir oppmuntra til å bruke sine eigne dialektar på skjermen, og fleire nyheitsankar og programleiarar i TV 2 brukar nynorsk.

Sidan TV 2 har vist at både bokmål og nynorsk blir nytta i hovudkanalen sine sendingar, har Medietilsynet kome til at kravet til målformer er oppfylt.



TV 2s medarbeiderar blir oppmuntra til å bruke sine eigne dialektar på skjermen. Her er Cecilie Skog og Truls Svendsen i *Tjukken og Lillemor* (Foto: TV 2)

Avtalen § 3-1

Sendingsene på TV 2s hovudkanal skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting. Kanalens programprofil skal være av allmenn karakter og interesse, og programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig breidde, både hva gjelder sammensetningen av programkategorier og sammensetningen innanfor den enkelte programkategori. Kanalen skal ha programmer for både brede og smale seergrupper.

Overordna krav til sendingane

Hovudprogramkategoriane til TV 2s hovudkanal er nyheiter/aktualitetar, sport og underhaldning, medrekna drama. TV 2 ytrar at dei ønskjer å ta opp viktige og samfunnsaktuelle tema. Dei nemner ei rekkje eksempel på dette, blant anna programserien *Petter Uteligger* som handla om Petter Nyquist som forlét heimen sin for å vere uteliggjar i hovudstaden i 52 dagar. I dokumentarserien *Suverene heltar* kunne ein følgje ukjente norske idrettsutøvarar og vegen deira mot Special Olympics i Los Angeles. I dokumentarserien *Ut av stillheten* følgde TV 2 menneske frå 4 til 65 år som fekk moglegheita til å oppleve lyd med Cochlea-implantat, eit hjelpemiddel som kan gi døve og sterkt høyrselshemma ei digital høyrsel.



I *Rasende gamle damer* møtte vi Torborg og Mildred som protesterte mot at kommunen deira skulle leggje ned aldersheimen (Foto: TV 2)

I 2015 sende TV 2 også fleire enkeltstående dokumentarar i programserien *Dokument 2*. Eksempel på slike dokumentarar er *Edderkoppen* som handlar om Farid som veks opp i Oslo med norsk mor og fransk/algerisk far, og som ifølgje PST organiserer Syria-krigarane. I *Rasende gamle damer* kunne ein møte Torborg (95) og Mildrid (86) som protesterte mot at kommunen deira skulle leggje ned aldersheimen. I *Klasseskillet* blei det fokusert på forskjellane i samansetjinga av barneskuleelevar etter kvar i Oslo ein bur. TV 2 sende også den utanlandske dokumentaren *Flukten frå ISIS*.

Ifølgje kanalen har programserien *God morgen Norge* dei siste åra satsa meir på aktualitet- og nyheitsinnhald i tillegg til underhaldning. Forbrukarprogrammet *TV 2 hjelper deg* har stått på sendeskjemaet i 21 år. I 2015 sende kanalen i tillegg *Matkontrollen* kvar veke.

TV 2 hadde eit breitt underhaldningstilbod både med nye satsingar som *En kveld hos Kloppen* og etablerte programkonsept som *Norske Talenter*, *Skal vi danse*, *Hver gang vi møtes* og *Farmen*. Kanalen sende også gameshow som *Alt er lov* og *Smartere enn en femteklassing*. I *Mitt dansecrew* skulle åtte av Noregs beste dansegrupper saman med kvar sin kjendis, kjempe om sigeren.

Kokkekonkurransen *Fingrene av fatet* blei send måndag til torsdag. Kanalen sende også humorprogram som *Tørnquist-klubben*, *Tusvik & Tønne talkshow* og *Det er lov å være blid med Else*. I starten av året blei dramaserien *Frikjent vist*, og hausten 2015 sende TV 2 *Hæsjtagg*, *Okkupert* og siste sesong av *Dag*. TV 2 sende også musikkprogram i 2015, som *Desembertoner*, *Di første jul* og *Håp i ei gryte*.



Linn Wiik, Cathrine Fossum og Arill Riise i TV 2 Valgstudio (Foto: TV 2)

Hausten 2015 var det kommune- og fylkestingsval, og frå 30. august sende TV 2 *Valgstudio* måndag til torsdag og søndag etter 21-nyhetene. Det blei i tillegg sendt ein partileiardebatt, og på valdagen sende TV 2 *Valgnatt*.


TV 2 satsa på dekning av utanriksnyheiter, og TV 2s reportarar var til stades i fleire land. Etter terrorangrepet i Paris 13. november hadde kanalen direktesendingar heile natta. Når det gjeld sport sende TV 2 i 2015 blant anna handball-VM for kvinner og sykkelritta *Tour de France* og *Arctic Race*. TV 2s programtilbod viser at kanalen har ei tematisk og sjangermessig breidde i samansetjinga av programkategoriar. Kanalen har også ein tilstrekkeleg variasjon når det gjeld tematisk og sjangermessig breidde innanfor den einskilde programkategorien.

Når det gjeld program for breie og smale grupper, viser programstatistikken at TV 2 har eit omfattande programtilbod for breie sjåargrupper. Programkategoriar som typisk rettar seg mot smalare sjåargrupper har derimot mindre omfang. Dette gjeld fyrst og fremst kategoriane religion/livsfilosofi og musikk/kultur. Det er ikkje noko krav om at det må sendast eit bestemt tal program retta mot smalare sjåargrupper og TV 2 har forklart at kanalen i 2015 har sendt slike program. Vurderinga av dei spesifikke krava viser vidare at TV 2 oppfyller krava som gjeld for barn og unge, som også bli rekna som smale sjåargrupper.

Medietilsynet meiner på denne bakgrunnen at TV 2 oppfyller kravet til å ha program for breie og smale grupper. Medietilsynet ser også positivt på at TV 2 hadde ein auke i tal på timar som blei teksta for høyrselshemma, frå 1462

timar i 2014 til 2957 timar i 2015. TV 2 starta i 2015 á tekste alle direktesendingar mellom kl. 18.00 og 23.00.

Etter Medietilsynets vurdering har TV 2 ein programprofil av allmenn karakter og interesse, og oppfyller dei overordna krava til sendingane.





**Lyden
av Norge**



VURDERING AV P4S PROGRAMVERKSEMND I 2015

Konsesjonsvilkår § 1-5

Konsesjonærens hovedkontor og den sentrale redaksjonen skal ligge på Lillehammer. Det er en forutsetning for konsesjonen at konsesjonærens sendinger hører inn under norsk jurisdiksjon.

Lokalisering

P4 oppfyller kravet om at hovudkontoret og den sentrale redaksjonen skal liggje på Lillehammer. P4s registrerte verksemdsadresse i Brønnøysundregistra er på Lillehammer, og denne adressa blir nytta overfor offentlege styresmakter.

P4 hadde 62 årsverk i Oslo og 27 på Lillehammer. To årsverk var plasserte i Tromsø/Bergen. P4 opplyser for at det med verknad frå 1. november 2015 blei kutta tre årsverk ved nyheitsavdelinga på Lillehammer og eitt årsverk i Tromsø. Sjølv om P4 har fleire årsverk knytte til Oslo enn på Lillehammer, har Medietilsynet vurdert det slik at P4s hovudkontor er på Lillehammer. I vurderinga har tilsynet lagt vekt på plasseringa til dei ulike avdelingane og kor dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt. Medietilsynet har i denne samanhengen lagt stor vekt på at den sentrale nyheitsredaksjonen i hovudsak er plassert på Lillehammer.

Fram til 1. november 2015 hadde P4 sju årsverk knytte til nyheitsdesken og to årsverk knytte til trafikkredaksjonen på Lillehammer. Fem årsverk var knytte til nyheitsavdelinga i Oslo. Både nyheitsredaktøren og nyheitssjefen var lokaliserte på Lillehammer. Nyheitsredaktøren og nyheitssjefen pendlar mellom Lillehammer og Oslo ved behov. Alle nyheitssendingane P4 sende i 2015 blei avvikla frå Lillehammer. Det er nyheitsredaktøren og nyheitssjefen som har det redaksjonelle ansvaret, og dei redaksjonelle avgjerdene blir tatt på Lillehammer. Det blir også heldt daglege morgonmøte som blir leia frå Lillehammer der evaluering og planlegging blir gjennomførte og med dei andre kontora via videokonferanse. Publiseringsansvaret ligg på Lillehammer, og P4 gjer greie for at alle nyheitsbulletiner blei ankra frå Lillehammer. Trafikkredaksjonen var også plassert på Lillehammer inntil den blei nedlagd 1. november 2015 som følge av omorganisering.

Ei hovudvekt av dei tilsette i P4s programavdeling jobbar i Oslo. Produksjonsleiaren er plassert på Lillehammer og har ansvaret for bemanning, turnus, sendetablå samt den daglege avviklinga av sendingane, både for nyheiter og andre program. Den tekniske avdelinga har tre programingeniørar og ein teknisk sjef plasserte på Lillehammer. I tillegg er både IKT-ingeniør, utviklingsavdelinga og økonomiavdelinga på Lillehammer. Teknisk direktør har base i Oslo, men jobbar også på Lillehammer. Sals- og marknadsavdelinga ligg i Oslo, men etter tilsynet si vurdering er dette av mindre tyding i vurderinga av lokaliseringskravet.

P4 gjer greie for at det i ti av tolv månader i 2015 var ei organisering som i all hovudsak tilsvarte organiseringa for 2014. I 2014 kom Medietilsynet til at lokaliseringskravet var oppfylt. Medietilsynet har merka seg nedgangen i tal på årsverk knytte til hovudkontoret på Lillehammer. Ettersom hovudvekta av dei tilsette i nyheitsavdelinga framleis er knytte til Lillehammer og bemanningsreduksjonen skjedde mot slutten av året, har Medietilsynet ikkje teke omsyn til dette i vurderinga for 2015.

Det at P4 både har redaksjonell og administrativ hovudtyngd på Lillehammer, taler etter Medietilsynets vurdering for at den sentrale redaksjonen og hovudkontoret til kanalen er lokaliserte der. Tilsynet har også lagt vekt på at sentrale tekniske funksjonar for P4 ligg på Lillehammer. På bakgrunn av dette har Medietilsynet kome til at P4 oppfyller kravet om å ha hovudkontor og den sentrale redaksjonen på Lillehammer.

Distribusjon

Konsesjonsvilkår § 1-6 første og andre setning

Konsesjonærens radiosendinger skal dekke minimum 60 prosent av befolkningen via sendere i FM-båndet.

Konsesjonæren må selv forhandle frem avtale om distribusjon. Konsesjonæren skal ha dekning i alle landets fylker.

P4 opplyser at FM-nettet deira når cirka 80 prosent av befolkninga, og kanalen oppfyller derfor kravet til minimum 60 prosent befolkningsdekning. Medietilsynet legg til grunn at kanalen har dekning i alle fylka i landet. Kanalen "P4 Lyden av Norge" blei distribuert over FM, DAB, internett, mobil, appar, RiksTV, satellitt og kabel. I løpet av 2017 vil P4 berre bli send digitalt.

Konsesjonsvilkår § 3-2 første og andre setning

Konsesjonæren skal ha en egen nyhetsredaksjon og skal tilby faste, egenproduserte nyhetsbulletiner gjennom hele dagen.

Nyhets- og aktualitetssendingene skal ha et analytisk, kritisk og fordypende perspektiv.

Nyhets- og aktualitetsdekninga

Frå den sentrale nyhetsredaksjonen på Lillehammer sender P4 daglege, eigenproduserte nyheiter. Nyhetsredaksjonen produserer nyhetsbulletiner som blir sende på faste tidspunkt gjennom dagen. I 2015 sende P4 nyheiter kvar heile time mellom klokka 06.00 og 24.00 på kvardagar, og kvar halve time på morgonen og ettermiddagen. I helgane og på heilagdaggar blei nyheitene sende kvar time mellom klokka 08.00 til 24.00. P4 sende 8 372 nyheitssendingar, og alle blei avvikla frå Lillehammer. 21 913 nyheitssaker blei omtalte, og av dette var 8,6 prosent såkalla eksklusive eigensaker. 43,6 prosent var nyheitsavdelinga sine egne vinklingar på sakene. P4 hadde også 149 nyheitsbrot som er når nyheitsredaksjonen bryt inn i programma med ei kort oppdatering og med referanse til neste nyheitsbulletin. Medietilsynet har kome til at P4 oppfyller kravet om å ha ein eigen nyhetsredaksjon og tilby faste eigenproduserte nyheitsbulletinar gjennom dagen.



Frå desken på Lillehammer. Foto: P4

Nyheits- og aktualitetsdekninga til P4 skal ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv. Ifølgje P4 er det i dei utvida nyheitssendingane at det fyrst og fremst er eit rom for analysar og fordjupande perspektiv. P4 viser til at dei i 2015 også hadde fleire faste aktualitetsprogram, blant anna *Nyhetsmagasinet 16* som blei sendt dagleg og inneheldt debattar, utanriksdekning og ei brei oversikt over nyheitsbiletet. Magasinet *Larsen Live* blei sendt alle kvardagar, og her blei aktuelle nasjonale og internasjonale saker debatterte, og sakene blei sette inn i eit større perspektiv. Dette programmet blei hausten 2015 erstatta av *P4-kvelden* som i stor grad har vidareført det same programkonseptet. *Folkedebatten* var eit dagleg debattprogram der lyttarane ofte var debattantar. Eksempel på tema som blei tekne opp var kjeldesortering, syklistar i marka, forbod mot dieslbilar og eit kontantlaust samfunn. I *Tromsø Taxi tar tak* blei det laga satire over ein av ukas nyheitssaker. P4 viser vidare til at dei breie sendeflatane til kanalen også er ein arena for samfunnsdebatt og perspektiv, i fyrste rekkje i *P4s Radiofrokost*.

Medietilsynets vurdering er at P4 oppfyller kravet om at nyheits- og aktualitetsdekninga skal ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv.

Norsk musikk

Konsesjonsvilkår § 3-2 tredje setning ●

Konsesjonæren skal spille minimum 35 % norsk musikk.

Delen norsk musikk som blei spelt på P4 i 2015 var 39 prosent, og kanalen oppfyller dermed kravet til å spele minimum 35 prosent norsk musikk. P4 var også nær sitt interne mål om å ha 40 prosent norsk musikk.

P4 opplyser også at 13 prosent av musikken som blei spelt var "norsk på norsk" og at 21,5 prosent av all norsk musikk som blei spelt var ny.



Frå *Vinterlyd*. Isac Elliot. Foto: P4

Medietilsynet ser positivt på at P4, sjølv om det ikkje er stilt krav om det, har

oversikt over delen norskspråkleg musikk og ny, norsk musikk ettersom dette også er med på å bidra til å fremje norsk musikk, språk og kultur, noko som er av verdi i eit allmennkringkastingsperspektiv.

P4 framhevar at kanalen er oppteken av å promotere og satse på norske artistar på turnéar. Konsertturnéen *Vinterlyd* som er eit samarbeid med Kreftforeningen, blei vidareført i 2015, og både nye og meir etablerte norske artistar var med på turnéen.

Konsesjonsvilkår § 3-1:

Konsesjonærens sendinger skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting. Kanalens programprofil skal være av allmenn karakter og interesse, og programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig bredde, både hva gjelder sammensetning av programkategorier og sammensetningen innenfor den enkelte programkategori. Kanalen skal ha programmer for både brede og smale grupper.

Overordna krav til sendingane

Breidde i tema og sjanger

P4 har eit overordna krav om at sendingane skal vere baserte på prinsippa for allmennkringkasting. Dette inneber blant anna at programprofilen skal vere av allmenn karakter og interesse, og at programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig breidde, både i samansetjinga av programkategoriar og innanfor den einskilde kategorien.

Medietilsynets vurdering av dei overordna krava er gjorde på bakgrunn av P4s utgreiingar for deira redaksjonelle satsingar innanfor ulike tema og sjangrar. P4 opplyser at dei satsar på breidde i innhalds- og sjangertilnærming.



Foto: P4

Nyheits- og aktualitetsmagasina *Nyhetsmagasinet 16* og *Larsen Live* bidrog, saman med den løpande nyheitsdekninga, til breidde og fordjupande perspektiv i P4s innhaldstilbod.

P4 sende daglege kulturnyheiter, og sende brede kulturprogram alle kvardagar. *Radiokompaniet* blei sendt alle kvardagar mellom klokka 10.00 og 12.00 og *Michael direkte* blei sendt mellom klokka 13.00 og 15.00. Det fyrste programmet har ei rekkje faste postar, blant anna språkspalte, kunnskapsduellar mellom ulike yrke og skråblikk med norsk kulturliv som bakteppe. Programmet *Michael direkte* har som formål å informere, utfordre og underhalde lyttarar innanfor dei fleste tema og sjangrar. Programmet hadde også eigne omtaler for film/kino/DVD/tv, musikk, konsertar og teater. Programmet fokuserer også på å dekkje aktuelle kulturelle hendingar, slik som *Eurovision Song Contest* og film- og musikkfestivalar.

Regionale og lokale kultursaker blei dekte i dei store byane gjennom reportasjar i breie sendeflater og innslag i kulturnyheitene. P4s korrespondantar dekte internasjonal kultur. Programma *Meggene* og *Misjonen* omhandlar medium, mediekritikk og satire. Programmet *Kjærlighet uten grenser* blei sendt kvar kveld mellom klokka 21.00 og 01.00, og ifølgje P4 når programmet ut til både unge og eldre lyttarar.

Det blei også i 2015 sendt direktesendingar frå Vinterlyd-turnéen. P4 viser til at kanalen har eit breitt musikktilbod på dagtid som passar for mange og at tilbodet på kveldstid blir utvida med musikk innanfor smalare sjangrar eller uttrykk. P4 sende 19,3 prosent redaksjonelt stoff på døgnbasis og 26,6 prosent i tidsrommet 06.00–18.00.

P4 sende 377 sendingar med sportsnyheiter. Sportsnyheitene blei sende i samband med dei ordinære nyheitssendingane alle kvardagar klokka 07.00, 08.00, 09.00, 15.00 og 16.00. Ifølgje P4 skal sportsnyheitene setje kritisk søkjelys på sportslege, økonomiske eller andre aspektar ved breidde- og toppidretten. I helgane sende P4 sportsnyheiter i *Sport og musikk*. Sykkelmagasinet blei også sendt i dette programmet. P4 hadde direktesendingar kvar dag frå Ski-VM i Falun og sende også direkte på ein eigen digitalradiokanal frå sykkelrittet Tour of Norway. P4 dekte i tillegg handball-VM for kvinner, tippeligaen, cupen og kampane til fotballandslaget.

Alle kvardagar sende P4 kontinuerleg oppdatert informasjon om trafikk, vær- og køyreforhold i programmet *Midt i trafikken* og *P4s Radiofrokost*. Lyttarane fekk i tillegg trafikkinformasjon i P4s andre sendeflater.



Øystein Røe Larsen og Bjørn Faarlund i *P4s Radiofrokost*. Foto: P4

Medietilsynet har kome til at P4s samla programtilbod i 2015 reflekterer ein tilfredsstillande breidde i den totale samansetjinga av programkategoriar. Tilbodet er hovudsakleg innanfor kategoriane nyheiter og aktualitetar, musikk, kultur/underholdning, sport og trafikk. Programkategoriar som typisk blir rekna som smalere på tema, er lågt representerte. P4 fortel at tema

innanfor desse kategoriane blei tatt opp i det totale programtilbodet. Som eksempel kan nemnes at programmet *Michael direkte* innehalde tema innanfor filosofi, medisin, fysikk, teknologi, kunst og personleg økonomi.

Medietilsynet har vidare kome til at P4s programtilbod har ei tematisk breidde innanfor den einskilde programkategorien. P4 vekslar mellom ulike sjangrar i det totale tilbodet og viser også at det innanfor dei ulike programkategoriane regelmessig blei tatt i bruk sjangrar som studiointervjuar, reportasjar, direkterapportar, debattar og kommentarar/omtalar.

Medietilsynet har kome til at P4 også oppfyller kravet om å ha ein programprofil av allmenn karakter og interesse.

Breie og smale grupper

P4 skal tilby program for både breie og smale grupper. I allmennkringkastingsrapporten for 2014 konkluderte Medietilsynet med at P4 braut dette kravet ettersom dei ikkje hadde sendt eigne program for smale grupper.

Som det går frem av rapporten for 2014 legg Medietilsynet til grunn at formålet med kravet er å sikre at program med eit smalare publikumspotensial blir programsette. Eigne program bidrar også til å vareta omsynet til at lyttarane skal oppsøkje og finne fram til denne typen tilbod. Derfor meiner Medietilsynet at kravet må bli forstått slik at kringkastaren både skal ha program for breie og for smale grupper. Kravet kan ikkje bli oppfylt ved å inkludere såkalla smalare tematisk innhald som innslag i dei breie programtilboda. Medietilsynet meiner derfor at det må vere ei veksling mellom både program for breie grupper og program for smale grupper.

P4 opplyser at dei breie sendeflatene til kanalen er sett saman for å vareta omsynet til alle lyttargrupper, og at det her var innslag med smalare tema og musikkjangrar og som var rette mot smalare målgrupper. P4 er av den oppfatning at kravet til program for både breie og smale grupper blir oppfylt ved å inkludere såkalla smalare tematisk innhald gjennom programinnslag i dei breie programma og i den lange sendestrekken til kanalen. Vidare meiner P4 at det er lite tidsriktig å krevje at lyttaren må ta omsyn til faste sendetidspunkt for å finne smalare tematisk innhald. P4 opplyser at dei har avgjort å setje opp barneprogrammet *Opp og Hopp*, livssynprogrammet *Gelius og Hvermann*, det naturvitskaplege programmet *Naturligvis* og musikkprogrammet *Den blå timen*.

Medietilsynet konstaterer at P4 har hatt program for breie grupper i 2015, men at dei berre har hatt innslag i desse programma for smale grupper. Mangelen på program for smale grupper inneber etter Medietilsynets vurdering at det overordna kravet om å ha program for både breie og smale grupper ikkje er oppfylt.

Medietilsynet har etter ei heilskapsvurdering kome til at tilsynet ikkje skal påleggje P4 sanksjon for brotet. I vurderinga er det blant anna tatt omsyn til P4s totale allmennkringkastingstilbod og kanalen sine konkrete planar om å sende eigne program for smale grupper. Medietilsynet har merka seg at desse er programma programsette.



Variert musikk fra de siste 4 tiår





VURDERING AV RADIO NORGES PROGRAMVERKSEMND I 2015

Konsesjonsvilkår § 1–5

Konsesjonærens hovedkontor og den sentrale redaksjonen skal ligge minimum 70 kilometer utenfor Oslo sentrum. Det er en forutsetning for konsesjonen at konsesjonærens sendinger hører inn under norsk jurisdiksjon.

Lokalisering

I konsesjonen har Radio Norge krav om å ha hovudkontor og den sentrale redaksjonen minimum 70 kilometer utanfor Oslo. I allmennkringkastingsrapporten for 2014 kom Medietilsynet under tvil til at Radio Norge oppfylte lokaliseringskravet, og varsla at det ville bli gjennomført ei ny vurdering i allmennkringkastingsrapporten for 2015.

Radio Norge skifta eigarar i 2015, og den nye eigaren Bauer Media AS har overtatt konsesjonsavtalen for allmennkringkastarkanalene. Bauer Media AS er registrert med verksemdsadresse i Bergen i Brønnøysundregistra, og har registrert to underavdelingar; Media AS avdeling Bergen og Bauer Media AS avdeling Oslo. Ifølgje Radio Norge er dette gjort blant anna for å markere at radiokanalene Radio Norge, som tilhøyrer Bergensavdelinga, er lokalisert i Bergen.

Bauer Media AS bestod i 2015 av totalt 64 årsverk, av desse var 52,5 plasserte i Oslo, 10,5 i Bergen og eitt i Trondheim. Radio Norge opplyser at kanalen er ein del av medieføretaket Bauer Media AS, som også inkluderer fleire andre radiokanalar. Bauer Media AS blir drifta sentralt frå kontoret i Oslo. Radio Norge seier vidare at kanalen er ein rein redaksjonell bedrift bemanna med journalistar og leiarar, at kanalen ikkje har eigen administrasjon, salsavdeling eller teknisk avdeling, men at den likevel har årsverk knytte til booking og sal i Bergen.

Ut frå ei rein språkleg tolking av konsesjonsvilkåra, er krava til lokalisering knytte til selskapet Bauer Media AS. Medietilsynets vurdering er, som i fjor, at Bauer Media AS isolert sett ikkje oppfyller kravet til lokalisering for allmennkringkastaren Radio Norge. I vurderinga av kravet til lokalisering har

Medietilsynet tatt utgangspunkt i formålet bak lokaliseringskravet, som etter Medietilsynets oppfatning er at det skal vere eit redaksjonelt miljø også andre stader i landet enn i hovudstaden. Med ei slik funksjonsbasert tolking av kravet har Medietilsynet som i allmennkringkastingsrapporten for 2014, kome til at tilsynet i vurderinga av lokaliseringskravet kan vurdere underavdelinga Radio Norge, som ei sjølvstendig avdeling.

I Radio Norges utgreiing for lokaliseringskravet til Medietilsynet, går det fram at organiseringa av bedrifta i all hovudsak er tilsvarende som i 2014. Radio Norge opplyser at leiarmøte og styremøte blei haldne i Bergen og at også redaksjonelle avgjerder for Radio Norge i hovudsak blei tatt i Bergen. Den redaksjonelle leiinga var fordelt mellom Oslo og Bergen. Nyheitsredaktør og vaktstjef delte si tid og var 50 prosent representerte i Bergen. Ei vesentleg endring for 2015 er at Radio Norge seier at nyheitsredaksjonen i Bergen blei styrkt med 1,2 årsverk direkte knytte til ankring og produksjon av nyheiter, vær- og trafikkmeldingar.

Radio Norge opplyser vidare at den sentrale redaksjonen er plassert i Bergen og at nyheitsredaksjonen er den viktigaste komponenten i denne redaksjonen. I 2015 bestod nyheitsredaksjonen i Bergen av seks årsverk. Dette er ein auke på 1,2 årsverk frå 2014. I Oslo var 2,5 årsverk knytte til nyheitsredaksjonen og åtte årsverk knytte til andre delar av redaksjonen.

Nyheitsproduksjonen i radiokanalen Radio Norge skjer i Bergen, og 80 prosent av alle nyheitssendingar blir avvikla derifrå. Det kommer såleis fram at nyheitsredaksjonen i all hovudsak var lokalisert i Bergen, men at redaksjonen som heilskap hadde fleire medarbeidarar i Oslo.

Medietilsynet si vurdering av kravet om at Radio Norge skal ha sitt hovudkontor og den sentrale redaksjonen minimum 70 kilometer utanfor Oslo sentrum, byggjer på ei vurdering av ulike moment. Medietilsynet har i vurderinga sett på organiseringa av det redaksjonelle arbeidet, og det er lagt avgjerande vekt på at dei redaksjonelle avgjerdene for Radio Norge i hovudsak blei tatt i Bergen og også at hovudtyngda av årsverk knytte til nyheitsredaksjonen er lokalisert der.

I fjor kom Medietilsynet under tvil til at kravet til lokalisering var oppfylt for 2014. Kanalen låg då heilt i grenseland for å oppfylle lokaliseringskravet. Årsaka var det lave talet på årsverk knytte til sentralredaksjonen og nyheitsredaksjonen i Bergen og det faktum at ein stor del av medarbeidarane i andre delar av redaksjonen var lokaliserte i Oslo. I vurderinga for 2015 er fleire av dei same forholda lagde til grunn, men Medietilsynet har i tillegg vektlagt at Radio Norge har styrkt nyheitsredaksjonen i Bergen med 1,2 årsverk.

Medietilsynet har med bakgrunn i dette kome til at Radio Norge oppfyller kravet til lokalisering.

Konsesjonsvilkår § 1-6 første og andre setning

Dekningsgrad

Konsesjonærens radiosendinger skal dekke minimum 90 prosent av befolkningen via sendere i FM-båndet.

Konsesjonæren må selv forhandle frem avtale om distribusjon. Konsesjonæren skal ha dekning i alle landets fylker.

Konsesjonsvilkår § 3-2 første og andre setning

Konsesjonæren skal ha en egen nyhetsredaksjon og skal tilby faste, egenproduserte nyhetsbulletiner gjennom hele dagen.

Nyhets- og aktualitetssendingene skal ha et analytisk, kritisk og fordypende perspektiv.

Distribusjon

Radio Norge opplyser at kanalen har minst 90 prosent FM-dekning, og kanalen oppfyller dermed kravet til minimum 90 prosent befolkningsdekning.

På bakgrunn av Radio Norges utgreiing legg Medietilsynet til grunn at kanalen har dekning i alle landets fylke. Radio Norge er tilgjengeleg på DAB, internett, app, satellitt, kabel og via det digitale bakkenettet.

Nyhets- og aktualitetsdekninga

Radio Norge oppfyller krava om å ha ein eigen nyhetsredaksjon og om å tilby faste, daglege, eigenproduserte nyhetsbulletinar.

Radio Norge har nyhetsredaksjonen sin i Bergen, og det er der nyhetsproduksjonen skjer.

I 2015 sende kanalen nyhetsbulletinar jamleg gjennom heile dagen. Nyhetsbulletinane hadde vanlegvis ei lengde på mellom to og tre minutt, men ved viktige hendingar eller store ulykker blei sendingane utvida og fekk ei lengde på inntil fem minutt. Sendingane kl. 15.30 og kl. 16.30 var korte bulletinar i overskriftsform og hadde ei lengde på omtrent 30 sekund. I tillegg hadde Radio Norge i gjennomsnitt 3,5 nyheitsbrot kvar veke. Radio Norge opplyser at kanalen hadde eit auka nyheitstrykk om morgonen med eit nytt innslag i dei breie programflatane, der det dagleg blei sett nærmare på aktuelle nyheitssaker.

Alle nyheitsbulletinane blei formidla frå Bergen med unnatak av nyheitene i *Morgenklubben med Loven & Co.*, som blei formidla frå Oslo.



Reporter Elise Farestveit hentar inn stemmer frå gata. Foto: Radio Norge

I 2015 produserte nyheitsavdelinga i alt 6 400 sendingar, noko som er ein auke samanlikna med 2014 då det blei produserte 6 250 nyheitsendingar. Radio Norge fortel at kanalen også auka tal på tilsette i nyheitsredaksjonen ved at det blei tilsett to nye journalistar. Nyheitsredaksjonen var bemanna kvar dag og gjennom mesteparten av døgnet, og nyheitsredaksjonen er den avdelinga i Radio Norge som har flest tilsette.

I 2014 slutta Radio Norge å bruke reporterar og reportasjereiser i utlandet, men i 2015 tok kanalen opp igjen bruken av korrespondentar og journalistar frå Paris, London, Athen, København og Stockholm.

Nyheits- og aktualitetsdekninga til Radio Norge skal ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv. Kvar vekedag kl. 20.00 utvida Radio Norge nyheitssendingane til eit nyheitsmagasin på fem minutt. Radio Norge opplyser at magasinet gav eit høve til å gå djupare inn i sakene, ta i bruk fleire kjelder og få plass til analysar og kommentarstoff. Nyheits- og aktualitetsstoff blei også vikt plass i andre program, for eksempel i *Morgenklubben med Loven & Co*. Der blei det i tillegg til nyheitsoppdateringar kvar halvtime, også sendt innslag som "Aktuelt" der programleiarane belyste og kommenterte utvalde nyheitssaker, og "Dette er viktigst akkurat nå". I *Søndag med Dan* blei hendingane i nyheitsbiletet og trafikken følgde, og det blei også gitt oppdateringar frå sport. I *Høglund* blei utvalde tema og samfunnsspørsmål analyserte og kommenterte.

Radio Norge har i fleire år hatt eit redaksjonelt samarbeid med TV 2, men dette blei avvikla i juli 2015. Radio Norge opplyser at all lyd som no blir formidla er produsert, innhenta, redigert og presentert av redaksjonen. Kanalen har inngått ein avtale med NTB, og meiner dette styrkjer evna deira til å lage eigne nyheiter.

Det er Medietilsynets vurdering at dei dedikerte nyheitsprogramma er av ei så kort lengde at høvet for å ha eit fordjupande perspektiv er svært avgrensa, og at graden av fordjuping er i nedre sjikt av kva som skal til for å oppfylle kravet. Medietilsynet har likevel sett at Radio Norge også behandlar nyheits- og aktualitetstema med analysar og kommentarar i dei breie programma. Etter ei heilskapsvurdering har Medietilsynet kome til at Radio Norge oppfyller krava om å ha eit analytisk, kritisk og fordjupande perspektiv.

Konsesjonsvilkår § 3-2 tredje setning ●

Konsesjonæren skal spille minimum 35 % norsk musikk.

Norsk musikk

Radio Norge spelte 38 prosent norsk musikk i 2015, og kanalen oppfyller dermed kravet om å spele minimum 35 prosent norsk musikk. Hovudvekta av musikken som blei spelt var innanfor pop- og rocksjangeren. Radio Norge trekkjer også fram norsk visesong som noko lyttarane ville ha og opplyser at dette blei spegla i lista over mest spelte songar og brukte artistar.



Alejandro Fuentes gjester en av Morgenklubbens sendinger i friluft. Foto: Radio Norge

Radio Norge fortsette i 2015 med konseptet *Norgesscenen*, der norske og utanlandske artistar blei inviterte for å spele live. Framsyningane blei også filma og lagde ut i etterkant på sosiale medium.

Konsesjonsvilkår § 3-1 ●

Konsesjonærens sendinger skal baseres på prinsippene for allmennkringkasting. Kanalens programprofil skal være av allmenn karakter og interesse, og programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig bredde, både hva gjelder sammensetning av programkategorier og sammensetningen innenfor den enkelte programkategori. Kanalen skal ha programmer for både brede og smale grupper.

Overordna krav til sendingane

Breidde i tema og sjanger


Radio Norge har eit overordna krav om at sendingane skal vere basert på prinsippa for allmennkringkasting. Dette inneber blant anna at programprofilen skal vere av allmenn karakter og interesse og at programmenyen skal ha tematisk og sjangermessig breidde, både i samansetjinga av programkategoriar og innanfor den einskilde kategorien.

Medietilsynets vurdering av desse krava er gjort på bakgrunn av Radio Norges utgreiing for deira ulike redaksjonelle satsingar.

Radio Norge opplyser at den primære målgruppa for kanalen er menn og kvinner over 30 år, men at kanalen har lyttarar i alle aldersgrupper. Radiokanalen satsar i breidda, men seier at dei i 2015 også hadde eit tilbod til smale grupper.

Kanalen hadde i 2015 fleire program som gav eit breiddetilbod. I programmet *Kim og Katja* blei det kvar ettermiddag vald ut eit aktuelt tema som blei vikt ekstra merksemd. Lyttarane kunne ringe inn og fortelje om erfaringane sine og gi råd eller kome med innspel. Eksempel på tema var: "Om du kunne velje helt på nytt, kva ville drøymejobben vore?" og "Et du mat som er gått ut på dato?". I kvar sending presenterte *Kim og Katja* også tre ting om den aktuelle dagen.

I programmet *Formiddagen med Johanna* blei det spelt variert musikk og gitt eit skråblikk på aktuelle saker og samfunnstema. Programleiaren gav også underhaldningsnyheiter frå inn- og utland.



Reporter Elise Farestveit lager sak om lakselus. Foto: Radio Norge

I Radio Norges lange sendeflate om morgonen, *Morgenklubben med Loven & Co.*, blei det sendt nyheiter, trafikk og vêr, underhaldning og lett informasjon. Radio Norge opplyser at det i 2015 blei nytta ca. 250 reportasjar og fleire tusen analysar og kommentarar i dette programmet.

Radio Norge hadde løpande nyheitsdekning og omtala aktuelle nyheitstema også i dei breie programma.

Radio Norge opplyser at musikkprofilen til kanalen byggjer på variasjon. Sjølv om hovudvekta av musikken som blei spelt ligg innanfor pop- og rocksjangrane, fekk lyttarane også høyre country, disco, blues, metall, soul, RNB, hiphop, reggae og visesong. Radio Norge hadde ulike musikkprogram, for eksempel *Musikkveld med Lars!*, *Musikkåret med Kim Nygård* og *Kim Wilde*

80s Show. Radio Norge viser til at dei på kveldstid sende eit noko smalare musikktilbod enn på dagtid. Med *Norgescenen* blei lyttarane presenterte for livemusikk, og artistane framførte både kjente og ukjente songar. Eksempel på artistar som opptredde i 2015 er Sondre Justad, Odd Nordstoga, Stella Mwangi, James Bay, Ravi og Ina Wroldsen.

I *Høglund* var konseptet å la innringarane si meininga si om ulike tema. Programmet bestod også av reportasjar og gjester som er kjent for å ha klare meiningar. Eksempel på gjester var blant anna forfattar Mimir Kristinsson, leiar av norsk presseforbund Kjersti Løken Stavrum og leiar av det Mosaiske Trossamfunnet, Erwin Kohn.

Radio Norge hadde i 2015 også temaprogramma *Innsikt-tema* der tema i hovudsak blei knytt opp mot norsk kultur, livssyn, oppvekst og aldring og nysatsinga *Perspektiv*, der lyttarane fekk ta del i kultur og historie gjennom reportasjar, intervjuar og analysar.



Morgenklubben foreviga då sendinga gjekk frå KNM Storm. Foto: Radio Norge

Radio Norge viser til at dei også gav dei minste ei stemme i 2015. I ein serie som blei send til faste tider om morgonen og om ettermiddagen på sommaren, bidrog sju år gamle Alma Kvello Mellgren blant anna med gåter som andre barn kunne svare på. I samband med skulestart fekk seks år gamle Lyder Ellefsen Alsaker ei eiga spalte om tema som lekser, venner og leik.

I hovudsak består Radio Norges tilbod av liknande, breie konsept som i utgangspunktet tilseier lita breidde i den totale samansetjinga av programkategoriar. To nye programkonsept bidrar likevel med eit noko større spenn i tilbodet.

Radio Norge gir eksempel på fleire ulike tema som har blitt tatt opp i programma, og Medietilsynet har kome til at dette viser at kanalen hadde ei viss tematisk breidde innanfor programkategoriane. Radio Norge fortel også om ei veksling mellom sjangrar i det totale programtilbodet sitt, og kanalen viser til at sjangrar som intervjuar, reportasjar, analysar, kommentarar og debattar blei tatt i bruk.

Medietilsynet finn etter ei heilskapsvurdering at Radio Norge også oppfyller kravet om at programprofilen skal vere av allmenn karakter og interesse.



Medietilsynet
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

ISBN-nummer: 978-82-91977-44-7

Fotokreditering

For- og bakside: Kine Jensen

Kapittelbilder: Alle bilder av NRK, TV 2, P4 og
Radio Norge er tatt av kringkasterane sjølve.



Allmennkringkastingsrapporten: Kringkastingsåret 2015

Ansvarleg utgivar: Medietilsynet

Grafisk formgiving: Siste Skrik Kommunikasjon

Webrapport: Layup, utvikla av Cipio

Kontakt: www.medietilsynet.no

www.facebook.com/medietilsynet

www.twitter.com/medietilsynet

post@medietilsynet.no